



INDRE SOGN
SPAREBANK
ekte lokalbank

**ÅRSMELDING
& REKNESKAP**

2010

INNHALD

3	Året 2010
4	Eigarstyring og selskapsleiing
7	Styret si årsmelding
24	«Å vera styreleiar er spanande og lærerikt»
26	Erfaren nestleiar
28	Gåveinstituttet i Indre Sogn Sparebank
30	Resultat- og balanserekneskap
34	Kontantstraumanalyse
37	Rekneskapsprinsipp
43	Notar 2010
75	Revisjonsmelding for 2010
78	Årsmelding frå kontrollkomiteen 2010
80	Forholdstal
82	Tillitsvalde i Indre Sogn Sparebank

ÅRET 2010

Veksten i verdsøkonomien tok seg klårt opp att i 2010 etter det kraftige tilbakeslaget som følgde i kjølevatnet av finanskrisa. Det er likevel store variasjonar mellom land og regionar.

Når det gjeld Indre Sogn Sparebank, så merkar vi no mindre til finanskrisa. Banken sine tap vart sterkt redusert i 2010.

Av viktige hendingar i 2010 som kan nemnast:

- Banken flytta inn i ny depot og diskonteringsavdeling på Årdalstangen.
- Banken inngjekk store sponsorkontraktar med dei største idrettslaga i Lærdal og Årdal.
- Trass i hard konkurranse, auka banken forretningsvolumet sitt.
- Banken hadde høge provisjonsinntekter, og eit akseptabelt resultat etter skatt.
- Driftskostnadene i banken gjekk også ned i kroner og øre, etter fleire år med oppgang.

Tapa vart mykje lågare enn i 2009, slik styret forventa i årsmeldinga for 2009. Av styret si årsmelding og rekneskap, går det fram at 2010 har vore eit aktivt år med mange utfordringar.

Dei store utfordringane i 2011 vert å oppretthalde akseptable marginar, halde kostnadene nede, auka forretningsvolumet og sørgje for at banken har ei solid finansstyring.

Eg ser fram til eit godt arbeidsår i 2011.



Egon M. Moen
Adm. banksjef

EIGARSTYRING OG SELSKAPSLEIING

Generelt

Styret skal sjå til at Indre Sogn Sparebank har god eigarstyring og selskapsleiing. Styret skal i årsmeldinga gi ei samla utgreiing for banken si eigarstyring og selskapsleiing. Banken skal ha ein eigenkapital som er tilpassa mål, strategi og risikoprofil.

Styret har utarbeidd ein klar og føreseieleg utbytepolitikk som grunnlag for dei utbyteforslaga som vert fremja for forstandarskapet. Utbytepolitikken er gjort kjent gjennom årsmeldinga og banken sine kvartalsrapportar til marknaden/Oslo Børs.

Styrefullmakt til å foreta kapitalhøgding skal avgrensast til definerte føremål. Styrefullmakta bør ikkje gjevast for eit tidsrom lenger enn fram til neste ordinære møte i forstandarskapet. Tilsvarende gjeld styrefullmakter til kjøp av egne aksjar.

Eigenkapitalsbevisa til banken er sett i ein klasse og skal vere fritt omsettelege.

Dersom fortrinnsretten til eksisterande eigenkapitalbevisegarar vert fråviken ved kapitalhøgdingar, skal det grunnjevast.

Banken skal ha retningslinjer som sikrar at styremedlemer og leiande tilsette melder frå til styret dersom dei direkte eller indirekte har ei vesentlig interesse i ein avtale som vert inngått av banken.

Forstandarskapet

Forstandarskapet er øvste organ i Indre Sogn Sparebank. Forstandarskapet har tolv medlemmer og åtte varamedlemer. Forstandarskapet er sett saman av fire grupper representantar. $\frac{1}{4}$ av representantane er valde av innskytarane, $\frac{1}{4}$ av representantane er valde av kommunane, $\frac{1}{4}$ av representantane er valde av dei tilsette og $\frac{1}{4}$ av representantane er valde av eigenkapitalbevisegarane.

Det er forstandarskapet som fastset banken sine vedtekter, vel styremedlemer, vedtekårsrekneskapen og disponerer årsresultatet.

Banken sender innkalling til rekneskaps- og valmøte til medlemene/varamedlemene i forstandarskapet seinast ei veke før møtet skal haldast. Styremedlemene, kontrollkomiteen og revisor vert òg innkalla til møta.

Valkomiteen er vedtaksfesta i § 6-1 i banken sine vedtekter og har fire medlemmer og fire varamedlemer med eit medlem frå kvar av gruppene som er representerte i forstandarskapet.

Valkomiteen kjem med grunngjeve framlegg på val av medlemmer og varamedlemer til innskytarvalde forstandarar, styremedlemer, kontrollkomité og valkomité.

Indre Sogn Sparebank informerer i årsmeldinga kven som er medlemmer av dei ulike organa.

Kopi av innkallingane til rekneskaps- og valmøte vert sende Finanstilsynet og Oslo Børs til orientering. Begge møta vert haldne same dag. Alle sakspapir vert sende ut med innkallinga. Møta vert leia av leiar i forstandarskapet, med ein tilsett frå banken i møtesekretariatet. Underskriven møteprotokoll vert oppbevarte i eigen protokoll og kopi vert sendt Finanstilsynet og Oslo Børs.

Styret

Banken sitt styre er samansett av fem medlemmer og fem varamedlemer, der eitt medlem og eitt varamedlem er valde mellom dei tilsette. Styret vert vald av forstandarskapet etter forslag frå valkomiteen.

Minst eitt medlem skal vere busett i Lærdal kommune og eitt medlem i Årdal kommune. Den daglege leiinga er ikkje valt medlem av styret.

Styremedlemene og leiar/nestleiar vert valde for to år på valmøtet i forstandarskapet. Styremedlemene vert av banken oppfordra til å eige eigenkapitalbevis i banken. Styret utarbeidar ein møteplan og finansiell kalender. Styret skal ha ei strategidrøfting knytt til mål,

strategiar og gjennomføring minst ein gong i året.

Det er ikkje fastsett instruks for styret utover vedtektene. Banken skal utarbeida eigen styreinstruks. Adm. banksjef har instruks godkjend av styret og forstandarskapet. Styret ser til at banken har god intern kontroll i samsvar med dei føresetnader som gjeld for verksemda, herunder banken sitt verdigrunnlag og etiske retningslinjer. Styret informerer i årsmeldinga om korleis internkontrollen er organisert. Styret har vald nestleiar som fungerer når styreleiar ikkje kan eller bør leia styret sitt arbeid.

På desembermøtet kvart år skal styret i eiga sak vurdere arbeidet sitt og kompetansen sin. Godtgjersle til styremedlemene skal fremjast av styret og godkjennast av forstandarskapet. Styregodtgjersle vert elles vurdert mot styregodtgjersle hjå børsnoterte selskap, og justert etter dette. Styremedlemer, eller selskap som dei er knytte til, skal ikkje ta på seg særskilte oppgåver for selskapet i tillegg til styrevervet. Dersom dei likevel gjer det, skal heile styret vere informert. Honorar for slike oppgåver skal godkjennast av styret.

Det vert i årsmeldinga informert om alle godtgjersler til styremedlemene. Dersom det har vore gjeve godtgjersle utover vanleg styrehonorar, skal det spesifiserast.

Retningslinjer for godtgjersle til adm. banksjef skal fastsettast i avtale mellom partane og godkjennast av forstandarskapet. Anna godtgjersle til leiande personale er gjort i avtale mellom tilsette og leiing. Styret skal

informerst om honoreringsprinsipp for leiande personale.

Fastsetting av godtgjersle til adm. banksjef skal gjerast av styreleiar og nestleiar, som informerer styret.

Samla godtgjersle for adm. banksjef og andre leiande tilsette, skal gå fram av årsmeldinga.

Likebehandling, finansiell informasjon Styret skal fastsette retningslinjer for rapportering av finansiell og annan informasjon basert på openheit og under omsyn til kravet om likebehandling av aktørane i verdipapirmarknaden.

Banken skal årleg publisere oversikt over datoar for viktige hendingar som forstandarskapsmøte, publisering av delårsrapportar, opne presentasjonar og utbetaling av eventuelt utbytte m.m.

Informasjon til banken sine eigenkapitalbevisegarar vert lagt ut på banken si heimeside på internett.

Det er vedteke egne retningslinjer for tilsette og tillitsvalde i banken som handlar med eigenkapitalbevis. Alle som skal kjøpe eller selje eigenkapitalbevis må søke om klarering frå adm. banksjef, for å sikre likebehandling av alle eigarar av eigenkapitalbevis. Ingen kan kjøpe eller selje eigenkapitalbevis dersom dei sit med kurssensitiv informasjon.

Revisor

Revisor skal årleg leggje fram for styret hovudtrekka i ein plan for gjennomføring av revisjonsarbeidet.

Revisor deltek i styremøte som handsamar



STYRET SKAL HA EI STRATEGIDRØFTING KNYTT TIL MÅL, STRATEGIAR OG GJENNOMFØRING MINST EIN GONG I ÅRET.

årsrekneskapen. I møta skal revisor gjennomgå eventuelle vesentlege endringar i rekneskapsprinsippa i banken. Dessutan skal revisor vurdere vesentlege rekneskapsestimat og alle vesentlege forhold der det har vore usemje mellom revisor og administrasjonen. Revisor skal minst ein gong i året gjennomgå internkontrollen i banken med styret, herunder identifiserte svakheiter og forslag til forbetringar.

Styreleiar og revisor skal ha minst eitt møte i året utan at adm. banksjef eller andre frå den daglege leiinga er til stades. Styret skal godkjenne bruk av revisor til andre tenester enn revisjon utover det som kjem fram i den årlege revisjonsplanen. Revisjonsplanen vert lagt fram for styret, og der kjem det fram kva som er revisjonsarbeid og kva som er anna arbeid.

I ordinært rekneskapsmøte i forstandarskapet skal styret orientera om godtgjersla til revisor, fordelt på revisjon og andre tenester.

Kontrollkomité

Banken har eigen kontrollkomité. Medlemene vert valde av forstandarskapet. Kontrollkomiteen skal føre tilsyn med verksemda i samsvar med §13 i sparebanklova og instruks fastsett av forstandarskapet.

STYRET SI ÅRSMELDING 2010

1. BANKEN OG VERKSEMDA

Historikk

Lærdal Sparebank, skipa i 1860, Årdal Sparebank, skipa i 1906, og Borgund Sparebank, skipa i 1915, bestemte seg for å fusjonera i 1971. Som ei følgje av dette, vart Indre Sogn Sparebank etablert i 1972.

Indre Sogn Sparebank etablerte seg med kontor i Sogndal kommune i 1996. Banken opna kontor i Bergen den 1. oktober 2007.

Indre Sogn Sparebank er i dag den største finansielle aktøren i Indre Sogn. Indre Sogn Sparebank driv i dag verksemda si på Årdalstangen, Øvre Årdal, Lærdal, Borgund, Sogndal og Bergen.

Kommunane i Indre Sogn er banken sitt primærområde og viktigaste marknadsområde. I Bergen yter banken stort sett berre lån til personkundemarknaden.

Banken har sin primære basis i person-kundemarknaden, men skal òg vere ein bank for små og mellomstore bedrifter og offentleg sektor i primærområdet. Nær 78,9 % av utlåna gjevne av eiga bok er no til personkunder, 1,1% meir enn i 2009. Banken har mange kunders utanom primærområdet. Desse kundane er i all hovudsak personkunder, som vert viktigare for kvart år for utviklinga til banken. Dei aller fleste av låna til personkundane i banken har pant i bustadar.

I tillegg til utlån på eiga bok, har banken ytt 246 lån til personkunder gjennom Terra Boligkreditt AS til finansiering av bustadar på til saman NOK 315,276 mill., ein auke på NOK 5,072 mill. i høve til same periode i fjor.

Visjon

Indre Sogn Sparebank – ekte lokalbank med kunden i sentrum.

Forretningsidé

Personkundane er hovudmarknaden til Indre Sogn Sparebank.

Andre viktige marknadsområde er:

- små og mellomstore bedrifter
- kommunar/anna offentleg verksemd

Indre Sogn Sparebank vil ta vare på kundane gjennom service, kundenærleik, god marknads-kunnskap, dyktige tilsette, konkurransedyktige vilkår og ved gjensidig tillit.

Som eit middel for å nå visjonen og forretningsmessige mål, skal Indre Sogn Sparebank framstå som ein attraktiv og utfordrande arbeidsplass for tilsette og tillitsvalde.

Forretningsmessige mål og strategiar:

Kapitaldekning

Indre Sogn Sparebank skal ha ei kapitaldekning på minst 14 % og ei kjernekapitaldekning på minst 12 % pr. 31.12.

Eigenkapitalrentabilitet

Indre Sogn Sparebank sin eigenkapitalrentabilitet før skatt bør minst vere 5 % over risikofri rente.

Kostnader

Det er eit mål at kostnadene i Indre Sogn Sparebank, målt opp mot inntekter, skal ned til 60 % innan 2013.

Personalpolitikk

Personalpolitikken for Indre Sogn Sparebank sine medarbeidarar skal føre til ei effektiv organisering, trivsel, kompetanseheving og salsorientering.

Utbyttepolitikk

Resultatet i Indre Sogn Sparebank vert delt høvesvis mellom sparebanken sitt fond og eigarandelskapitalen.

Ein nyttar inngåande balanse for eigenkapitalbevis med tillegg av utbytte-reguleringsfond ved utrekning av eigenkapitalbevisbrøken. Indre Sogn Sparebank

har som mål at 50 % av resultatet etter eigenkapitalbevisbrøken vert utbetalt som utbytte, resten tillagt utbytereuleringsfondet, og om lag 50 % av resultatet etter kapitalfondbrøken vert utbetalt fordelt som gåver/overført til ei samfunnsnyttig stifting.

I vurderinga av utdeling av årets overskot til utbytte og gåver, vil det bli lagt vekt på at eigenkapitalbeviseigarane sin del av samla eigenkapital (eigarbrøk) bør haldast stabil.

Samarbeid

Indre Sogn Sparebank ynskjer å vere ein lokal styrt bank. Som ein reiskap i dette arbeidet ynskjer banken å vidareutvikla medlemskapen i Terra-Gruppen AS. I tillegg vil banken utvida samarbeidet med dei sjølvstendige sparebankane i distriktet.

Verksemda

Verksemda til Indre Sogn Sparebank er særmerka av å vere ein lokalbank for kommunane i Indre Sogn. Nærleik til kunden, rask sakshandsaming, effektive avgjerder og god lokalkunnskap, kjenneteiknar banken. Saman med fagleg kompetanse skal dette gjera verksemda effektiv, fleksibel og med høg konkurransedugleik.

Indre Sogn Sparebank er forvaltar av midlane til kundane i banken og skal framstå som ein ærleg, solid og truverdig samarbeids-partnar overfor kunders og andre forretnings-samband. Som bank er vi avhengig av tillit frå omverda. Kunders, offentlege styresmakter og andre finansinstitusjonar må til alle tider ha tillit til banken sin profesjonalitet og integritet. Det inneber eit krav om at den einskilde har ei plikt til å opptre og handle etisk forsvarleg.

Terra-Gruppen AS

Indre Sogn Sparebank var ein av initiativ-takarane til Terra-Gruppen AS, som er eigd av 78 norske sparebankar. Deltakinga i dette

samarbeidet styrkar banken si konkurransekraft og føresetnader for å lukkast som lokalbank gjennom auka produktbreidd, innkjøpsstyrke, marknadspåverknad og kompetanse. Bankalliansen Terra-Gruppen AS er ei av Noregs største finansgrupperingar, med ein samla forvaltningskapital på om lag 250 milliardar kroner.

Indre Sogn Sparebank er den åttande største eigaren i Terra-Gruppen AS. Banken har valt å ha eigarinteresser i selskapet for å styrke posisjonen sin i lokalkundemarknaden. Terra-Gruppen AS sikrar banken finansielle produkt i lokalkundemarknaden.

Banken eig 458.342 aksjar i Terra-Gruppen AS, bokført til NOK 82,- pr. aksje, medan siste emisjonskurs i 2010 var NOK 107 ,- pr. aksje, eller NOK 12,400 mill. mindre enn marknadsverdien.

Måla til Terra-Gruppen AS er å ivareta interessene til Terrabankane på område der den einskilde banken ville hatt vanskar med å gjere det like godt åleine. Sidan etableringa i 1997 har Terra-Gruppen AS vakse gjennom etableringar, organisk vekst og oppkjøp.

Stor og solid kundemasse

Terrabankane har ein samla kundemasse på ca. 750.000 kunders og har dei mest tilfredse kundane i landet, for bankar med fysisk kundekontakt. Dette gjer Terra-Gruppen AS både til ein leiande aktør og samstundes ein av dei største aktørane i den norske marknaden for finansielle produkt og tenester. Terrabankane har samla ein stor distribusjonskapasitet med 190 bankkontor i 105 kommunar.

Stordriftsfordelar

Terra-Gruppen AS arbeider for at Indre Sogn Sparebank og dei andre Terrabankane oppnår gode vilkår for effektiv drift. På bankane sine vegner framforhandlar Terra-Gruppen

2. HOVUDTAL FOR INDRE SOGN SPAREBANK

(i 1.000 kr)

AS løysingar som gir bankane strategiske og økonomiske gevinstar. Gjennom alliansen får kundane i Terrabankane tilgang til heile spekteret av konkurransedyktige produkt og tenester som den einskilte lokale sparebank ikkje ville kunne produsere og tilby åleine.

Totalleverandør av finansielle produkt Gjennom produktselskapa sine tilbyr Terra-Gruppen AS ei lang rekke konkurranse-dyktige produkt. Dei viktigaste er bustadlån gjennom Terra Boligkreditt AS, debet- og kredittkort frå Terra Kort, skade- og livsforsikring frå Terra Forsikring, fond og obligatorisk tenestepensjon frå Terra Forvaltning, og leasing og salspantlån frå Terra Finans.

**Leverer fellestenester
og utfører fellesoppgåver**

I tillegg til den forretningsmessige drifta i produktselskapa, har Terra-Gruppen AS ansvar for å utføre ei rekke felles-oppgåver på vegne av Terrabankane. Det gjeld mellom anna innkjøp av tenester og produkt innanfor IT- og betalings-formidling, prosjektstyring, opplæring og

kompetanseutvikling, i tillegg til felles-tenester som merkevarebygging og kommunikasjon. Terra-Gruppen AS fremjar òg bankane sine næringspolitiske interesser.

Vidare er Terra-Gruppen AS eit viktig instrument for banken i samband med utvikling, innkjøp og drift av it-system og kompetanse.

Styret ser samarbeidet som sær s viktig for utviklinga til Indre Sogn Sparebank, og ei vidare tilknytning til Terra-Gruppen AS er etter styret si meining eit viktig strategisk val.

Betalingsformidling

Utviklinga i ekspedisjonsnettlet til banken har vore stor dei siste åra. Stadig nye kundar tek i bruk moderne IT-teknologi som nettbank, bedriftsterminalar, bedriftsnettbank osv. Nettbanken har vakse i fleire år og hadde i 2010 ein ny sterk vekst i brukaravtalar. Desse automatiske tenestene tek stadig over ein større del av betalingsformidlinga. Manuelle tenester går kraftig ned. Denne utviklinga vil på sikt føre til at banken må tenkje nytt og utviklande på korleis bankkontora skal organiserast i framtida.

	2010	2009	2008	2007	2006
Forvaltningskapital	3 174 073	3 128 052	3 128 754	2 701 764	2 448 603
Inntekter	58 935	66 919	58 088	59 025	54 465
Kostnader	42 377	43 778	45 760	42 624	36 924
Tap på utlån	4 394	15 390	11 445	3 910	3 071
Resultat etter skatt	10 186	3 074	-2 802	9 415	9 999
Brutto utlån	2 675 851	2 462 312	2 524 054	2 238 175	1 955 690
Innskot frå kundar	1 846 285	1 686 669	1 733 305	1 641 750	1 499 398
Gjennomsnittleg forvaltningskapital	3 062 972	3 128 320	2 915 259	2 575 184	2 313 684
Rentenetto	41 975	46 655	53 902	46 167	43 333
Kostnadseffektivitet	75,33	73,11	68,56 %	73,40 %	76,23 %
Eigenkapitalavkastning	5,37 %	1,66 %	-1,51 %	5,12 %	5,65 %
Kapitaldekning	16,56 %	17,76 %	15,49 %	16,48 %	17,70 %
Utbyte på eigenkapitalbevis i kr.	2,80	0,85	0,00	6,25	9,00
Kurs på eigenkapitalbevis pr. 31.12. i kr.	61,00	71,50	70,00	110,00	125,00

Tabell nr. 1: Ekspedisjonsnettlet. Nettbank/telebanksavtalar – 2010

	31.12.2010	31.12.2009	31.12.2008	31.12.2007
Nettbank bedrift basis	188	190	203	200
Nettbank bedrift integrert	217	214	218	203
Nettbank bedrift utland	41	22	11	43
Nettbank kun innsyn	1	2	2	2
Nettbank lag og foreningar	116	115	112	107
Nettbank privat	4.244	4.412	4.741	4.587
Nettbank privat utland	1.206	712	222	43
Totalt	6.013	5.667	5.509	5.185
Telefonbank/mobilbank	2.246	2.272	2.317	2.107

3. PERSONALE OG ARBEIDSMILJØ

Personale

Pr. 31.12.2010 hadde Indre Sogn Sparebank 42 fast tilsette. Banken hadde ved årsskiftet 39,3 årsverk, ein reduksjon på 0,5 årsverk i løpet av året.

Banken tilsette fire nye personar i fast stilling i 2010 og tok inn to vikarar i samband med svangerskapspermisjonar.

Dei totale personalkostnadene i 2010 var NOK 19,406 mill. eller NOK 1,120 mill. mindre enn i 2009. Den viktigaste grunnen til reduksjon i kostnadene var nedgang i pensjonskostnadene som følgje av tilbakeføringar av avsetjingar i høve AFP og sosiale kostnader.

Banken har etablert kollektiv pensjonsforsikring for dei tilsette gjennom Nordea Liv. Yrkesskadeforsikring, reise- og gruppeliv-forsikring er dekkja gjennom TryggVesta.

Forskiings- og utviklingsaktivitetar

Banken har ikkje hatt forskingsaktivitetar i 2010 og har heller ikkje planar om dette i 2011. Banken har løpande opplæring og program for utvikling av organisasjon og tilsette. I løpet av året vert organisasjonen utvikla gjennom interne kurs og møte, og dessutan gjennom eksterne kurs og møte gjennom Spama, Sparebankforeningen, Terra-Gruppen AS og høgskular. Banken fekk ein autorisert finansiell rådgivar i 2010 og 11 autoriserte forsikringsrådgivarar.

Helse, miljø og tryggleik

Banken har etablert bedriftshelseteneste for dei tilsette gjennom medlemskap i Sogn Bedriftshelseteneste. For avdelinga i Bergen har banken avtale med Arsana AS om bedriftshelseteneste. Styret vurderer arbeidsmiljøet i banken som godt. Arbeidet går i regi av arbeidsmiljøutvalet. Det er etablert eit internkontrollsystem for helse, miljø og tryggleik (HMT).

Tabell nr. 2: Sjukefråveret i Indre Sogn Sparebank. Fråver i prosent.

2006	2007	2008	2009	2010
6,11 %	3,95 %	4,72 %	8,00 %	3,43 %

Indre Sogn Sparebank hadde eit sjukefråvær på 3,43 % i 2010, ein stor reduksjon i høve til 2009 og innanfor banken sine mål som tilseier eit sjukefråvær under 4 %.

Banken har slutta seg til ordninga inkluderande arbeidsliv (IA). Banken vonar at deltaking i IA-samarbeidet vil gjera arbeidsmiljøet endå betre og sjukmeldingane endå færre. Banken følgjer opp sjukefråveret i banken m.a. ved å legge til rette arbeidet for personar som har redusert arbeidsyting i periodar. Banken har òg i samarbeid med primærhelsetenesta lagt til rette den fysiske arbeidssituasjonen for tilsette med særskilde behov.

Indre Sogn Sparebank har eit eige arbeidsmiljøutval (AMU), og deltek i opplæring/møte i regi av Sogn Bedriftshelseteneste. Banken sine tryggleiks-rutinar vert vurdert som gode. HMT-arbeidet vert drive etter gjeldande lover og reglar. Banken har i 2010 oppretta eiga stilling som personalansvarleg.

Etter styret si vurdering forureinar ikkje verksemda til banken det ytre miljøet.

Likestilling

Indre Sogn Sparebank har ikkje utvikla ein eigen likestillingsplan. 60 % av medlemene i styret i banken er kvinner, noko som er innafor dei mål som sett av offentlege styresmakter. I tillegg er styreleiar kvinne.

40 % av avdelingssjefane er kvinner, og 67 % av medlemene i leiargruppa er kvinner. Styret sitt mål om likevekt når det gjeld talet på kvinnelege og mannlege leiarar, er etter styret si vurdering nådd.

Styret har òg eit mål om likevekt når det gjeld fordelinga av menn og kvinner i mellomleiarstillingar og i andre stillingar i banken. I dag er det ei overvekt av kvinner i desse stillingane.

4. REKNESKAPEN FOR 2010

Årsrekneskapen er lagt fram under føresetnad av framleis drift. Styret kjenner ikkje til at det er vesentleg usikkerheit knytt til årsrekneskapen og kjenner ikkje til ekstraordinære tilhøve som har innverknad på vurdering av banken sitt rekneskap. Det har ikkje skjedd tilhøve etter slutten av rekneskapsåret som har verknad på vurdering av rekneskapen.

Resultat

Året 2010 var resultatmessig eit normalår for Indre Sogn Sparebank. Grunnen til dette var mindre tap på anleggsaksjar og utlån. Rentenettoen svekka seg ytterlegare i 2010. Dette som ei følgje av dyre innlånskostnader og hard konkurranse særleg på personmarknaden. Av lyspunkt, kan nemnast gevinstar på verdipapir, langt mindre tap og kostnadsnedgang.

Banken fekk eit overskot før skatt på NOK 13,013 mill. Det var NOK 8,622 mill. betre enn i 2009. Resultatet etter skatt vart NOK 10,186 mill. som var NOK 7,113 mill. betre enn i fjor. Betre resultat i 2010 skuldast mellom anna at banken har inntektsført NOK 2,900 mill. under posten pensjonar grunna ny pensjonsordning. Sal av aksjane i Nordito AS gav banken ein vinst på langsiktige verdipapir på NOK 3,549 mill. I 2010 hadde banken ein kursgevinst på NOK 2,682 mill. mot ein kursgevinst på verdipapir på NOK 7,042 mill. i 2009.

Resultatet før tap var NOK 16,558 mill. i 2010 som er NOK 6,582 mill. lågare enn i 2009.

Styret forventar at 2011 vil bli eit betre år enn i 2010, sjølv om den internasjonale finanskrisa enno ikkje er over.

Tabell nr. 3: Overskot i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Overskot i mill. kr. Utvikling 2006-2010.

2006	2007	2008	2009	2010
9 999	9 415	-2 802	3 073	10 186
0,43 %	0,37 %	-0,10 %	0,10 %	0,33 %

Netto rente- og provisjonsinntekter

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter var NOK 41,975 mill. mot NOK 46,655 mill. i 2009. Rente- og kredittprovisjonane gjekk mykje ned i 2010. Den viktigaste årsaka til dette er ein kraftig auka konkurranse, saman med høge innlånskostnader. I tillegg svekka rentenettoen seg mykje. Styret har tru på at rentenettoen i kroner vil stabilisera seg i 2011.

Rentenettoen i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital var ved årsskiftet 1,37 %, ein reduksjon på 0,12 prosentpoeng i høve til 31.12.2009. På landsplan har rentenettoen stabilisert seg i 2010.

Brutto provisjonsinntekter vart NOK 14,359 mill. i 2010, ein reduksjon på NOK 0,366 mill. Den viktigaste grunnen til at provisjonsinntektene gjekk ned i 2010, var mindre vekst og mindre inntekter enn venta frå Terra Boligkreditt AS. Styret forventar ny vekst i provisjonsinntektene i 2011.

Driftskostnader

Driftskostnadene vart NOK 42,377 mill., som er ein reduksjon på NOK 1,401 mill. frå året før. Som nemnt, skuldast noko av det inntektsføring av pensjonar som følgje av ny pensjonsordning. Prosentvis i høve til forvaltningskapitalen, har driftskostnadene gått ned frå 1,40 % til 1,38 % eller 0,02 prosentpoeng. Kostnadsprosenten i banken er utrekna til 75,33 %, ein auke på 2,22 prosentpoeng i høve til 2009. Dette trass i at driftskostnadene i kroner har gått ned siste år.

Den viktigaste årsaka til auka kostnadsprosent er svekka rentenetto. Styret sitt langsiktige mål, er ein kostnadsprosent på 60%.

Tap

Låne- og garantiporteføljen er gjennomgått og vurdert i samsvar med retningslinjer frå Finanstilsynet. Handtering av tap kjem fram i kapittelet om rekneskapsprinsipp i notane.

5. EIGENKAPITALBEVIS

Etter styret si vurdering, er det etablert gode rutinar for oppfølging av tapsutsette engasjement.

Tapa i 2010 vart NOK 4,394 mill. mot NOK 15,390 mill. i 2009. Individuelle nedskrivingar og gruppenedskrivingar var totalt NOK 21,766 mill., ein reduksjon på NOK 1,981 mill.

Tabell nr. 4: Tap i perioden 2006–2010. Mill. kr.

2006	2007	2008	2009	2010
3 071	3 901	11 445	15 390	4 394

Balansen

Forvaltningskapital

Ved utgangen av 2010 var forvaltningskapitalen NOK 3.174,073 mill. mot NOK 3.128,052 mill. i 2009. Forvaltningskapitalen til banken har gått opp med NOK 46,021 mill. eller 1,48 %.

Tabell nr. 5: Forvaltningskapitalen 2006–2010. Mill. kr.

2006	2007	2008	2009	2010
2 448,6	2 701,7	3 128,8	3 128,0	3 174,1

Innskot

Innskot frå kundar auka frå NOK 1.686,669 mill. i 2009 til NOK 1.846,285 mill. i 2010. Dette er ein vekst på NOK 159,616 mill. eller 9,47 % i 2010, mot ein reduksjon på 2,69 % i 2009. Innskota frå personkundane auka med NOK 78,892 mill. og innskota frå næringslivet auka med NOK 80,724 mill.

Utlån

Ved utgangen av året var brutto utlån til kundar NOK 2.675,851 mill., mot

NOK 2.462,312 mill. ved siste årsskifte. Det er ein vekst på 8,68 %, mot ein reduksjon på 2,45 % i 2009. Det var ein stor utlånsvekst i personkundemarknaden på NOK 170,028 mill., medan utlåna til næringslivet auka med NOK 43,511 mill. I tillegg har banken hatt ein utlånsvekst på NOK 5,072 mill., til NOK 315,276 mill. i Terra Boligkreditt AS. Alle låna er lån til personkundar sikra innanfor 60 % av bustadtakst. Ser ein utlånsveksten samla, har utlånsporteføljen auka med NOK 218,611 mill., eller 7,88 % i 2010, mot NOK 23,876 mill. eller 0,88 % i 2009.

Styret har lagt stor vekt på å kvalitets-sikre utlåna i banken. Kvart næringslivs-engasjement er vurdert etter økonomisk styrke, dekning av trygd og framtids-vurdering ut frå skjøn. Dei fleste næringslivsengasjementa er risikoklassifiserte. Risikoklassifiseringa er ein integrert del av kredittvurderinga. Utlånsvolumet er delt inn i fem kategoriar frå A til E. A og B er utlån med svært låg risiko. I andre enden er utlån som er klassifiserte som D og E, utlån med svært høg risiko.

Obligasjonar og aksjar

Verdien på banken sine verdipapir er ved årsskiftet NOK 172,802 mill. i obligasjonar og NOK 77,518 mill. i aksjar. Dei same postane i 2009 var NOK 166,419 mill. og NOK 75,693 mill.

Omløpsaksjane gav i 2010 ei svært positiv avkastning til banken. Netto avkastning på obligasjonar og aksjar var NOK 2,682 mill. mot NOK 7,042 mill. i 2009. I tillegg hadde banken utbytte på NOK 2,759 mill. mot NOK 0,205 mill. i 2009. Renteinntektene på obligasjonane var NOK 6,006 mill. i 2010.

Banken har skrive ut 632.500 eigenkapitalbevis pålydande NOK 100,-.

Eigenkapitalbeviset er eigenkapitalinstrumentet til sparebankvesenet. Utviklinga over tid syner at eigenkapitalbeviset har gjeve betre avkastning enn aksjeindeksane på børsen. Eigenkapitalbevismarknaden er liten, og likviditeten har ofte vore dårleg.

Eigenkapitalbevisa i Indre Sogn Sparebank er noterte på Oslo Børs. Kurs pr. 31.12.2010 var NOK 61,00 pr. eigenkapitalsbevis, mot NOK 71,50 pr. 31.12.2009. Det vart i 2009 betalt ut NOK 0,85 per eigenkapitalbevis i utbytte.

I samsvar med utbyttepolitikken i banken har styret for 2010 gjort framlegg om eit utbytte på NOK 2,80 for kvart eigenkapitalbevis.

Fig. 1 Kursutvikling – eigenkapitalbevis – 2010



6. RISIKOEKSPONERING OG INTERNKONTROLL

Prinsipp

Drifta av banken er bunden av ei rekke tilhøve. Av særleg innverknad er rente- og kreditt-risiko. Andre større risikoar er likviditets- og kursrisiko i verdipapir. Bankverksemda medfører òg ein operasjonell risiko.

Styret har fastsett rammer for risiko innan kredittgjeving, handel med verdipapir og for renterisiko. Det er fastsett rutinar for rapportering til styret om utviklinga på risikoområda og det er vedteke ein eigen finansstrategi. Det er òg utvikla eit eige internkontrollsystem for den totale bankverksemda. Det er fastsett retningslinjer og prinsipp for internkontroll. Administrasjonen har ansvar for å følge opp den daglege risikostyringa.

Indre Sogn Sparebank har dei siste åra hatt god balanse i utlåns- og innskotsveksten.

Styret er merksam på risikoen ved høg utlånsvekst og kva dette kan bety for kapitaldekninga i banken. I tillegg er styret kjend med risikoen knytt til å vere meir avhengig av pengemarknaden. Styret har difor sett seg mål både på kapitaldekninga og likviditeten i banken, og vil treffe tiltak dersom kapitaldekninga og likviditeten kjem under desse måla.

Kredittrisiko

Kredittrisikoen vert overvaka ved misleghaldsrapportering, risikoklassifisering og bransjeanalysar.

Ein stor del av utlåna i banken er løyvd mot pant i bustad.

På bakgrunn av auke i bustadprisane og høg sysselsetting i distriktet, vurderer styret utlåna som godt sikra. I primærområdet for banken har bustadprisane gått opp i 2010, men oppgangen har ikkje vore så stor som i landet elles.

Indre Sogn Sparebank har pr. 31.12.2010 ei portefølje på NOK 315,276 mill. i Terra Boligkreditt AS. Banken har stilt ein saks- og

tapsgaranti på NOK 41,551 mill. i samband med denne porteføljen. Alle låna er innafor 60 % av takst/omsetningsverdi og styret vurderer kredittrisikoen med låna i Terra Boligkreditt AS som liten.

Utlån til næringsverksemd fører til større kredittrisiko enn utlån mot pant i bustad. Indre Sogn Sparebank har få store næringslivs-engasjement, og alle er spreidde på fleire bransjar. Medarbeidarane i banken har god lokalkunnskap på næringslivsengasjement, og det er fastsett interne rutinar for saks-handsaming, oppfølging og tapsvurdering av engasjementa. Næringslivsengasjementa vert systematisk risikoklassifiserte. Banken har seks konsoliderte engasjement over 10 % av ansvarleg kapital i banken.

I 2010 auka utlåna til næringslivet med NOK 43,511 mill. Individuelle nedskrivingar og gruppenedskrivingar var totalt NOK 21,766 mill., ein reduksjon på NOK 1,981 mill.

Nedskrivne utlån og gruppe-nedskrivingar utgjer til saman NOK 21,766 mill., ein reduksjon på NOK 1,981 mill. sidan 2009. Sum avsetjingar utgjer 0,81 % av brutto utlån i 2010, mot 0,96 % i 2009. Styret vurderer desse avsetjingane som store nok til å dekke kredittrisikoen i banken sett i lys av utlånsveksten i 2010.

Gjennomgangen syner at næringslivs-porteføljen til banken er sunn. Styret vurderer det slik at i tida framover vil kredittrisikoen i næringslivsporteføljen bli betra.

Sjølv om styret meiner at kvaliteten på utlånsmassen i dag er god, trur styret det ikkje vil vere urealistisk å rekne med eit tap i storleiken 0,2 % til 0,4 % på utlån i tida framover. Sjølv om det er betringar nasjonalt, er vi internasjonalt inne i ei krevjande tid, som truleg vil føre til arbeidsløyse og nedlegging eller konkursar i næringslivet. Styret trur likevel at misleghaldet og tapa i 2011 vil bli om lag like store som i 2010 for Indre Sogn Sparebank.

Renterisiko

Renterisikoen er primært knytt til behaldninga av renteberande verdipapir. Fastrenteinnskot og fastrenteutlån er til no mindre viktig for renterisikoen. Banken har NOK 246,200 mill. i fastrenteinnskot med forfall 31.12. Desse er fornya til NOK 275,500 mill. i 2011 med forfall 30.06 og 31.12. Banken har NOK 18,900 mill. i fastrentelån med forfall frå tre til fem år, alt med pant i fast eigedom. Banken yter ikkje fastrentelån til personkundemarknaden på eiga bok. Alle fastrentelån vert ytt gjennom Terra Boligkreditt AS.

Indre Sogn Sparebank har ei obligasjons-portefølje på NOK 172,802 mill. Renterisikoen vert redusert ved at dei aller fleste av obligasjonane er knytte opp mot ei avkastning lik tre mnd. Nibor. Sett i samanheng med andre balansepostar med rentebinding, har banken likevel ein viss renterisiko.

Styret har sett opp interne rammer for renterisiko. Banken ligg godt innafor desse rammene.

Kursrisiko

Plassering i aksjemarknaden er i all hovudsak retta mot børsnoterte selskap og fond. Ved årsskiftet hadde banken bokført aksjar, eigenkapitalbevis og fond for NOK 24,275 mill. i

omløpsportefølje, ein reduksjon på NOK 4,667 mill. i høve til 2009.

Styret vurderer kursrisikoen i banken si omløpsportefølje som moderat. Målet til styret er å ha ei stabil langsiktig avkastning på banken sin portefølje med minimal kursrisiko.

Likviditetsrisiko

Skilnaden på vekst i innskot og utlån har gjort banken meir avhengig av ekstern finansiering.

Banken har totalt lånt NOK 1.114,000 mill. frå pengemarknaden i 2010, om lag same nivå som i 2009. Bakgrunnen for at innlåna ikkje har auka, skuldast god innskots-utvikling og forholdet mellom utlån og innskot. Likviditetsrisikoen i banken er innanfor fastsette mål.

Banken har lagt vekt på at likviditetsrisikoen skal vere moderat. Med bakgrunn i dette har banken bygd opp ein stor likviditetsreserve som pr. 31.12.2010 var NOK 445,090 mill., fordelt med kontantar, innskot i finans-institusjonar, sentralbankar og unytta trekkrettar.


Innlånsportefølja er systematisk bygd opp med langsiktige og kortsiktige forfall. Banken har eitt forfall på NOK 38,000 mill. den 17. januar 2011. Lånet er refinansiert.



INDRE SOGN SPAREBANK HAR DEI SISTE ÅRA HATT GOD BALANSE I UTLÅNS- OG INNSKOTSVEKSTEN.

7. EIGENKAPITAL

Figur 2. Forfallsstruktur – langsiktig finansiering 2011–2015



Innskotsdekninga i 2010 er 69,00 %, som er ein reduksjon på 0,50 prosentpoeng i høve til førre årsskifte. Styret har sett seg som mål at Indre Sogn Sparebank skal ha ei innskotsdekning på minimum 65 % av utlåna. Styret vil treffe tiltak for å oppnå dette. Styret meiner innskotsdekninga og likviditetsrisikoen i banken er god og under kontroll.

Valutarisiko

Valutaeksponeringa i banken er moderat. Banken har ikkje valutalån på eiga bok. Banken hadde ved årsskiftet 32 valutalån med til saman motverdien av NOK 82,100 mill. fordelt på 26 låntakarar. Sju av lånekundane var næringskundar og desse hadde til saman lån tilsvarande NOK 32,200 mill. eller 39,2 % av totale valutalån. Resten, 19 låntakarar, var personkundar med til saman motverdi av NOK 49,900 mill. eller 60,8 %.

Alle låna er sikra med pant i fast eigedom, bustad og/eller fritidseigedom. I nokre tilfelle er det stilt kausjon frå selskapet sine eigarar. Nesten alle valutalånskundane har lang erfaring

med valutalån. Banken har garantert for valutalåna.

Denne kredittrisikoen, som følgje av valuta- risikoen, vurderer styret som moderat.

Operasjonell risiko og internkontroll

Styret og leiinga er merksame på risiko for tap knytt til den daglege drifta av banken. Dette gjeld svikt i datakommunikasjon, system og rutinar. Feil kan òg oppstå på grunn av manglande kontroll, kompetansesvikt og menneskelege feil. For å ivareta desse viktige områda er det etablert eit system for internkontroll. Internkontrollsystemet i banken byggjer på forskrift om internkontroll fastsett av Finanstilsynet.

Med basis i rapportar frå avdelingsleiarane og eigne vurderingar, gjev adm. banksjef ei totalvurdering av internkontrollen i banken til styret. Styret vurderer den operasjonelle risikoen som akseptabel.

Rammevilkåra for verksemda til banken er relativ stabile, og styret meiner at så vel intern som ekstern risiko er under kontroll.

Eigenkapitalen i banken er NOK 193,476 mill. I tillegg har banken ansvarleg kapital på NOK 49,600 mill. og fondsobligasjonar for NOK 72,250 mill. Banken tok opp NOK 33,000 mill. i fondsobligasjonar gjennom Statens finansfond. Samla eigenkapital/ansvarleg kapital er NOK 315,326 mill.

Banken hadde ei kapitaldekning pr. 31.12.2010 på 16,56 %, mot 17,76 % i 2009.

Styresmaktene sine krav til kapitaldekning er 8%.

Styret meiner at banken har ein god eigenkapital og soliditet til å møte framtidige utfordringar, og vil i den grad det er behov for det, styrke eigenkapitalen i banken t.d. ved eigenkapitalbevisemisjonar og ansvarleg kapital.

8. FRAMTIDSUTSIKTER

Internasjonalt

Finanskrisa førte verdsøkonomien inn i ein av dei verste resesjonane sidan 30-åra. Sommaren 2009 byrja nedgangen å stoppe opp. I andre halvår var det atter teikn til vekst i fleire land. Denne betringa heldt fram utover i 2010.

Finansmarknaden har betra seg mykje sidan hausten 2008. Men trass i dette, har finansmarknaden vore prega av uro knytt til den høge statsgjelda i fleire euroland. Investorar er uroa for at desse landa ikkje vil greia å betena gjelda si framover. Land med store underskot i offentlege finansar og høg statsgjeld, har difor opplevd ein sterk auke i rentene dei må betale for låna sine. I land som Hellas, Irland og Portugal, har det vore stor uro knytt til statsfinansane. Hellas og Irland måtte ta i mot krisehjelp, og det kan synast som om Portugal må gjera det same.

I aksje- og råvaremarknaden har det vore ein solid utvikling siste år. Oslo Børs gjekk opp med 18 % i 2010, den tyske DAX-indexen med 12 % og den amerikanske S&P 500 gjekk opp med 12 %. Det har òg vore prisvekst i råvaremarknaden, og oljeprisen er komen opp på høgt nivå.

Den vidare utviklinga i verdsøkonomien er framleis usikker. Dersom gjeldskrisa spreier seg til fleire land, kan det igjen føra til kollaps i finansmarknaden.

Nasjonalt

Aktiviteten i norsk økonomi tok seg markert opp i andre halvår 2010 og det kan synast som om konjunkturoppgangen no har fått feste i Noreg. Etter ein svak start på fjoråret, tok privat konsum seg klart opp mot slutten av året. I bustadmarknaden har etterspurnaden vore høg. Industriinvesteringane har òg teke seg opp siste tida, og det vert no observert positiv vekst i kreditt ytt til bedriftene. I arbeidsmarknaden har nedgangen i sysselsettinga stoppa opp, og arbeidsløysa har stabilisert seg på rundt 3,5 %. Den underliggende prisveksten i norsk økonomi, har falle gjennom 2010 og er no på eit lågt nivå.

Regionalt

Lokalt i Sogn hevda Indre Sogn Sparebank seg godt i 2010 i den sterkt aukande konkurransen. Banken hadde god vekst i banken sine kjerneprodukt.

Indre Sogn Sparebank er lokal styrt, noko styret trur er ei stor føremon for distriktet og kundane. Indre Sogn Sparebank er kapitalsterk nok til å handtere dei fleste store næringslivskundane i nærområdet.

Det å stå åleine som ein liten bank, har vorte ei større og større utfordring. Etter at lovverket vart oppgradert, har fleire sparebankar slått seg saman i 2010. Regelverket har vorte meir utfordrande og krevjande. Å sette auka fokus på samarbeid og kostnadstilpassingar, er etter styret sine vurderingar naudsynt i 2011.

Styret i Indre Sogn Sparebank vil arbeide for at banken skal vere ein sjølvstendig bank med nær tilknytning til lokalsamfunna. Banken vil fokusere på gode kunderelasjonar, konkurranse-dyktige produkt, god organisasjon og effektiv drift, slik at banken i åra framover kan vere ein god lokalbank og ein god arbeidsplass.

Styret trur at 2011 òg kan bli eit vanskeleg år for næringslivet i primærområde til banken. Regionen har mange store verksemdar som er eksportretta og som måtte stramme inn etter den internasjonale krisa. Som ei følge av dette, er òg underleverandørar knytt til dei store verksemdene i regionen ramma. Hydro-verksemdene i Årdal har stramma mykje inn i 2010, og styret trur at denne innstramminga vil halda fram i 2011. I Lærdal er store arbeidsplassar, som Opplysningen 1881 og sjukehuset, svært utsette.

Tapa i banken gjekk mykje ned i 2010. Banken hadde pr. 31.12.2010 bokførte tap med NOK 4,394 mill. Det er NOK 10,996 mill. lågare enn i 2009. Nedgangen var større enn styret hadde venta og er etter styret si meining ein følge av god oppfølging og fokus på kredittarbeidet i banken. Det er i hovudsak næringslivskundane som fører til tap for banken. I personkundemarknaden er det framleis små og svært få tap. Det er styret si vurdering at

tapa òg vil bli moderate i 2011. Styret reknar med at det i hovudsak vil vere tap relatert til næringslivskundar.

Banken vil òg i 2011 lansere fleire kunde-program for å styrke marknadsdel og posisjon i regionen.

Styret meiner at Indre Sogn Sparebank skal vere ei av drivkreftene for utviklinga av næringslivet i Indre Sogn, og er budd på å ta del i eit slikt ansvar, men vil halde seg innanfor forretningsmessige vurderingar.

Indre Sogn Sparebank hadde eit akseptabelt resultat etter skatt i 2010. Banken hadde god vekst i kjerneproduktene sine. Utfordringa framover vert å stabilisera rentenettoen

Òg i året som gjekk nytta banken nær

1,2 millionar kroner i gáver og sponsor- og marknadsføringsavtalar med lokale lag og organisasjonar i Årdal, Lærdal og Sogndal. Dersom vi ser bort frå kommunane, er Indre Sogn Sparebank den viktigaste private medspelaren til lag og organisasjonar i distriktet vårt. Styret har tru på at lokalsamfunna ser positivt på engasjementet til banken innan dette området, og at slike tiltak er med å styrka konkurranseevna til banken i primærområdet.

Styret vurderer banken som godt rusta til å møte utfordringane i framtida, og har i budsjetta lagt til grunn eit normalt driftsresultat for 2011.



DERSOM VI SER BORT FRÅ KOMMUNANE, ER INDRE SOGN SPAREBANK DEN VIKTIGASTE PRIVATE MEDSPELAREN TIL LAG OG ORGANISASJONAR I DISTRIKTET VÅRT.

9. DISPONERING AV RESULTATET

Styret gjer framlegg om at overskotet i banken, NOK 10.185.933,85 vert disponert slik:

Disponeringar		
Utbyte på eigenkapitalbevis	1.771.000,00	537.625,00
Overført til sparebankens fond	3.304.316,94	995.729,13
Overført til utjamningsfondet	1.806.299,97	544.375,00
Overført frå sparebankens fond	0,00	0,00
Overført frå utjamningsfondet	0,00	0,00
Overført til gävefondet	3.304.316,94	996.000,00
Sum disponert	10.185.933,85	3.073.729,13

10. TAKK

Styret vil takke kundane for god og lojal oppslutning om banken i 2010. Vidare takkar styret alle tilsette og tillitsvalde for god innsats og godt samarbeid i året som gjekk. Styret vil framleis gjera sitt beste for at Indre Sogn Sparebank skal bli ein endå betre bank for kundane og distriktet vårt.

Årdalstangen 17. februar 2011.

Styret i Indre Sogn Sparebank


Siri Lagmannsås
Styreleiar


Harald Blaaflat Mundal


Janne Dokken
Tilsett rep.


Leif Åberg


Sonja-Mari H. Atterås


Egon M. Moen
Adm. banksjef

– Å VERA STYRELEIAR ER SPANANDE OG LÆRERIKT

SIRI LAGMANNSÅS ER STYRELEIAR I INDRE SOGN SPAREBANK, NOKO HO TYKKJER ER BÅDE SPANANDE, INTERESSANT OG LÆRERIKT.



Som styreleiar har ho eit stort ansvar – saman med resten av styret skal ho sjå til at bankdrifta er forsvarleg, samt leggja strategiar og planar for banken si verksemd. Styret har eit overordna ansvar for drifta i banken, og denne skal følgjast opp kontinuerleg.

Styreleiaren har mange arbeidsoppgåver: ho er møteleiar på styremøta, og ser til at desse vert gjennomførte etter lovverket. – Eg er leiinga si kontakt i styret, og dei held meg orientert om drifta i banken. Eg er også involvert i økonomi og budsjett, som er ein stor del av bankdrifta, fortel Lagmannsås.

Ho tykkjer det er svært interessant å vera styreleiar i Indre Sogn Sparebank. – Eg jobbar med rekneskap i næringslivet som yrke, så bank er ein annan og spanande vinkel. Eg er interessert i faget, og ser på styreleiarvervet som ei lærerik utfordring, fortel Lagmannsås. Det er i følgje styreleiaren fleire fordeler med vervet. Ho lærer mellom anna mykje i høve til sin eigen jobb, og ho får god kjennskap til nærområdet og kva som går føre seg der. – Banken er involvert i mykje forskjellig, både dirkete og indirekte, så eg får god oversikt og lærer mykje, seier ho.

Som styreleiar må ein ta ein del beslutningar – nokre er hyggelege, medan andre er mindre hyggelege. – I banken jobbar me mot felles mål, og kunden har alltid hovudfokus. Me jobbar for å ta beslutningar som samla sett er til det beste for kundane og banken, seier Lagmannsås.

Styret i Indre Sogn Sparebank har møte ein gong i månaden. – Me jobbar då ut frå sakslista, som vert sendt ut ei veke i førevegen, seier Lagmannsås. Typiske saker på styremøter er saker som omhandlar rekneskap, rapportering, strategiar, kvalitetskontroll/internkontroll, budsjett, organisasjonen og tilsette.

– På styremøta går me gjennom dokumentasjon, og gjer vedtak på bakgrunn av denne. Nokre saker vert beslutta der og då, medan andre vert teke opp att på seinare møte. Dette skjer dersom me tykkjer at dei krev ein nøyare gjennomgang, fortel ho. Det er også mange styringsorgan som er knytt til banken, difor har styret mykje rapporteringsplikter. Indre Sogn Sparebank er børsnotert, og styret har difor bl.a. omfattande rapporteringsplikter til børsen.

Tidsbruk varierer litt alt etter kva saker som er oppe i styret. Det er også ein del førebuingar før møta, og dei må mellom anna gå gjennom mykje dokumentasjon. – Møta tek fort nokre timar kvar gang, sidan det er ein del å gå gjennom, seier Lagmannsås.

Finansieringsstruktur og auka konkurranse er to nøkkelord for kva som for augneblinken er dei største utfordringane styret må ta tak i. – Den viktigaste arbeidsoppgåva til styret framover no er å sikra økonomien då rentenivået framleis er lågt. Finanskrisa sette sine spor, og det er framleis utfordringar i høve til det. Difor må me halda stabiliteten framover, fortel Lagmannsås. Indre Sogn Sparebank har også fått fleire konkurrentar den siste tida, då spesielt i Årdal. – Eit viktig tema for styret er korleis me skal handtera denne auka konkurransen best mogleg, seier ho.

Siri Lagmannsås er utdanna siviløkonom frå Handelshøgskulen i Bergen, og er dagleg leiar i rekneskapsbyrået Økonomiservice AS. Ho byrja fyrst i kontrollkomiteen i Indre Sogn Sparebank, og sat der i nokre år. Deretter vart ho valt inn som nestleiar i styret i 2004, og vart seinare valt inn som styreleiar, då tidlegare leiar Ståle Øvstetun sa frå seg vervet. Styret i Indre Sogn Sparebank har fem faste medlemmer.



DEN VIKTIGASTE ARBEIDSOPPGÅVA TIL STYRET FRAMOVER NO ER Å SIKRA ØKONOMIEN DÅ RENTENIVÅET FRAMLEIS ER LÅGT. FINANSKRISA SETTE SINE SPOR, OG DET ER FRAMLEIS UTFORDRINGAR I HØVE TIL DET.

ERFAREN NESTLEIAR

LEIF ÅBERGE ER NESTLEIAR I STYRET I INDRE SOGN SPAREBANK, OG HAR OPP GJENNOM ÅRA FÅTT EI BREI ERFARING FRÅ ULIKE STYREVERV.



Når ein sit i styret i ein bank, går arbeidet mykje på økonomi. Andre saker me jobbar med er internkontrollar. Banken er pålagt ein heil del reglar som må følgjast, og dette er noko me i styret må ha oversikt over. Me er også ansvarlege for at det vert gjennomført. I tillegg er det alle dei sakene som kjem på styrebordet frå administrasjonen. I korte trekk arbeider me med økonomi, og dei reglar som gjeld for sparebankar. Banken er også børsnotert, så det er spesielle hensyn å ta i høve til dette, fortel Åberge. Den viktigaste arbeidsoppgåva til styret er heile tida å driva ein god bank. Det gjeld både den økonomiske sida, og det gjeld også servicegraden til banken – i tillegg til å sjå til at dei driv ut frå det som myndighetene seier dei skal gjera. – Dette er oppgåver me har heile tida. Noko spesielle oppgåver utanom dette er det ikkje, men det er slikt som dukkar opp med visse mellomrom, seier han.

Som nestleiar i styret er Åberge inne og leiar styremøta dersom styreleiar er vekke, og elles har han vanleg funksjon som eit styre-medlem. – Dersom eg må inn å vikarera for Siri Lagmannsås, så har eg oppgåver som ein styreleiar. Det er svært viktig at nestleiar og styreleiar har eit godt samarbeid, slik at det er lett for nestleiararen å ta over dersom styreleiararen er vekke. – Når Siri var i svangerskaps-permisjon måtte eg overta i nesten eitt år, og dette gjekk bra fordi me hadde hatt eit veldig godt samarbeid i styret. Me er ein veldig fin gjeng, fortel Åberge.

Styret i Indre Sogn Sparebank har fire valde representantar, i tillegg til at dei tilsette har ein styrerepresentant. Administrasjonen er også med på styremøta. – Me har ein fin tone i styret, og det er veldig greitt å jobba der. Det er ikkje indre konflikhtar av noko slag, og det er viktig, for då er det lettare å få saker til å gå

gjennom, seier Åberge. Han legg til at når du sit i eit styre må du tåla kritikk, fordi du tek avgjersler som mange kan vera ueinige i. – Dette er noko du må vera budd på, seier han.

Styret skal som regel ha møte ein gong i månaden. Ei veke før kvart styremøte får styremedlemmene tilsendt alle styrepapira. – Då må du sjølvstøtt gjera deg kjend med alle dokument slik at du har sett deg inn i sakene før du kjem på møte, seier Åberge.

Åberge har vore tilsett hjå Byggmakker i 42 år, og her har han også vore styre-medlem. I tillegg har han vore styre-medlem i Årdal Billag, Økonomiservice, og Klingenbergs Hotell. – Min bakgrunn er å driva med økonomi. Eg har ikkje all verdas skulegang og slike ting, men eg har mykje erfaring etter så mange år, fortel han. Han vart innvald i forstandarskapet ved ei tilfeldigheit, og seinare vart han leiar her. – Eg sat i forstandarskapet i ein fem-seks år, og så vart eg spurt om eg ville vera med i styret i banken i staden for. På det tidspunktet svara eg ja, fordi eg såg veldig mange utfordringar banken har, mellom anna sidan det no er fire-fem bankar i bygda. Eg kunne tenkja meg å vera med å arbeida med dette, og eg har alltid likt å vera med og følja med på kva som skjer, seier Åberge. Det at han vart vald som nestleiar i styret var også ei tilfeldigheit. – På det tidspunktet vart det ein naturleg ting at eg vart nestleiar, seier han.

– *Valet av styre-medlemmer* vert føreteke på valmøtet i forstandarskapet som er det øverste organet i banken. Det er sett saman av kommunevalde, innskyttarar og eigenkapital-beviseigarar. Men du kan ikkje sitja i styret i all æva, det er visse reglar for kor lenge du kan sitja, fortel Åberge. Nestleiar og styre-medlemmer vert valde for to år.



ME HAR EIN FIN TONE I STYRET, OG DET ER VELDIG GREIT Å JOBBA DER. DET ER IKKJE INDRE KONFLIKTAR AV NOKO SLAG, OG DET ER VIKTIG, FOR DÅ ER DET LETTARE Å FÅ SAKER TIL Å GÅ GJENNOM.

GÅVEINSTITUTTET I INDRE SOGN SPAREBANK

INDRE SOGN SPAREBANK HAR DEI SEINARE ÅRA SETT STERKT FOKUS
PÅ GÅVER, FORDI DET GJEV EIN UNIK SJANSE TIL Å ARBEIDA FOR EIT
RIKARE LIV I INDRE SOGN.

REGLAR FOR GÅVEINSTITUTTET

Kven kan søkje: Alle lag og organisasjonar og andre almennyttige føretak/prosjekt i kommunane Lærdal, Årdal og Sogndal.

Kor mykje kan det søkjast om: Søknaden skal vera på minimum NOK 10.000,- og oppover.

Korleis søkje: Søknadsskjemaet ligg til ei kvar tid i ekspedisjonslokala til banken og det er lagt ut på heimesida til banken, www.indresognsparebank.no.

Når får ein svar: Styret i banken handsamar søknadane to gonger i året, i april og oktober.

Prioriterte formål: Gjennom gåveinstituttet vil banken yte bidrag til eit breitt spekter av almennyttige føremål. Årleg kan styret finna eitt eller fleire prioriterte gåveformål.

Tildelte midlar: Det vert føresett at alle som får tildelt midlar frå gåveinstituttet, utarbeidar ein evalueringsrapport som orienterer om både sluttrekneskap og aktivitetsresultat. Indre Sogn Sparebank kan opplyse om gåvetildelinga til ålmenta. Dersom gåva ikkje vert nytta til omsøkt formål, vil banken vurdera å krevja midlane attende.

Avslag på søknader: Styret i banken vil ikkje grunngje eventuelle avslag på søknader.

Banken har no oppretta eit stort gåvefond, noko som gjev banken høve til å vera ein viktig del av det samfunnet banken eksisterar i. Det gjev banken evne til å påverka vekst og utvikling i samfunnsliv og næringsliv. – Føremålet med Gåveinstituttet er at banken skal vera med å bidra til eit betre liv i distriktet, seier administrerande banksjef i Indre Sogn Sparebank, Egon Mogens Moen.

Gjennom Gåveinstituttet vil banken yte bidrag til eit breitt spekter av almennyttige føremål. Alle lag og organisasjonar og andre ålmen-nyttige føretak/prosjekt i Årdal, Lærdal og Sogndal kan søke om gåve frå Gåveinstituttet. Døme på slike føremål er kultur og kulturvern, kompetanse, utdanning og forskning, idrett, lag og organisasjonar, næringsutvikling og humanitære føremål.

For å få tildelt gåve må ein senda inn ferdig utfylt søknadsskjema der ein mellom anna legg ved oversikt over prosjektet med kostnads-oversikt og finansieringsplan. Ved fullført prosjekt må ein levera ein rapport, slik at banken får bekrefte at gåva er vorte nytta til omsøkt føremål. Dersom det ikkje er vorte gjort, vil banken vurdera å krevja midlane attende. – Me ynskjer helst søknader som er over NOK 10.000, seier Moen.

Det er forstandarskapet som løyver gåvepotten, og styret besluttar kven som blir tildelt gåvene. Styret kan også gje avslag på søknader, og dette vil ikkje bli grunngjeve.



I år er summen som skal delast ut heile NOK 650.000. – Halvparten vert delt ut i fyrste halvår av 2011, og resten vert delt ut i andre halvår, fortel Moen. Gåvefondet er no på NOK 6,5 mill., men målet er at Gåveinstituttet etter kvar skal få ein kapital på NOK 20 mill. – Til neste år vil det vera enno meir å dela ut, og summen vil auka etter kvart, seier Moen.

Bakgrunnen for at Indre Sogn Sparebank no har valt å oppretta Gåveinstituttet, er fyrst og fremst fordi sparebankfilosofien seier at ein del av overskotet skal delast ut i gåver. – Banken

har alltid delt ut store summar, men ein kan vel seia at me no har profesjonalisert det heile, seier Moen. Banken sponsar også NOK 1 mill. årleg til ulike føremål, men forskjellen på sponing og gåver er at sponing krev gjenyting, til dømes i form av reklame.

Søknadsfristen for gåver i fyrste halvår av 2011 er i april. – Me har allereie fått inn nokre søknader, som alle vil bli behandla når søknadsfristen er gått ut og alt er komme inn, fortel Moen.

RESULTAT- OG BALANSEREKNESKAP

RESULTATREKNESKAP INDRE SOGN SPAREBANK (i 1.000 kr.)	Notar	2010	2009
Renteinntekter og liknande inntekter			
Renter og liknande inntekter av utlån og fordringar på kredittinstitusjonar		4 581	5 277
Renter og liknande inntekter av utlån og fordringar på kundar		104 913	117 086
Renter og liknande inntekter av sertifikat, obligasjonar og verdipapir		6 006	6 014
Andre renteinntekter		0	4
Sum renteinntekter og liknande inntekter	1	115 500	128 381
Rentekostnader og liknande kostnader			
Renter og liknande kostnader på gjeld til kredittinstitusjonar		10 168	11 403
Renter og liknande kostnader på innskot frå kundar		29 961	33 457
Renter og liknande kostnader på utsteding av verdipapir		25 602	31 265
Renter ansvarleg lånekapital		6 012	3 934
Andre rentekostnader og liknande kostnader		1 782	1 667
Sum rentekostnader og liknande kostnader		73 525	81 726
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter		41 975	46 655
Utbyte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning		2 759	205
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	14		
Garantiprovisjon		2 047	2 144
Andre gebyr og provisjonar		12 312	12 581
Sum provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester		14 359	14 725
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	15		
Andre gebyr og provisjonskostnader		3 115	2 985
Netto verdiendring og vinst/tap valuta og verdipapir			
Netto vinst/tap sertifikat, obligasjonar	6	877	2 973
Netto vinst/tap på aksjar	6	1 491	4 094
Netto vinst/tap på valuta	6	314	-25
Sum netto verdiendringar/vinst/tap valuta/verdipapir		2 682	7 042
Andre driftsinntekter			
Driftsinntekter fast eigedom		275	691
Andre driftsinntekter		0	585
Sum andre driftsinntekter		275	1 276
Netto andre driftsinntekter		16 960	20 263
Sum driftsinntekter		58 935	66 918
Løn og generelle administrasjonskostnader			
Løn	2	16 241	15 989
Pensjonar	2,3	177	1 963
Sosiale kostnader	2	2 988	2 574
Sum løn mv.		19 406	20 526
Administrasjonskostnader		11 392	10 704
Sum løn og generelle administrasjonskostnader		30 798	31 230
Avskrivningar av varige driftsmidlar			
Ordinære avskrivningar	8	3 111	2 997
Andre driftskostnader			
Driftskostnader fast eigedom		1 821	1 655
Andre driftskostnader	9	6 647	7 896
Sum andre driftskostnader		8 468	9 551
Sum driftskostnader		42 377	43 778
Driftsresultat før tap		16 558	23 140
Tap på utlån og garantiar m.v.			
Tap på utlån	1	3 859	15 110
Tap på garantiar	1	535	280
Sum tap på utlån og garantiar m.v.		4 394	15 390
Sum nedskriving anleggsverdipapir	4	-849	3 359
Skatt på ordinært resultat	16	2 827	1 318
Resultat for rekneskapsåret		10 186	3 073
Disponeringar:			
Utbyte på eigenkapitalbevis		1 771	537
Overført til sparebankens fond		3 304	996
Overført til utjamningsfondet		1 806	544
Overført frå sparebankens fond		0	0
Overført frå utjamningsfondet		0	0
Overført til gåvefondet		3 305	996
Sum disponert		10 186	3 073

INDRE SOGN SPAREBANK

BALANSEREKNESKAP

EIGENDELAR (i 1.000 kr.)

	Notar	2010	2009
Kontantar og fordringar på sentralbanken		188 467	308 334
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar			
Utan avtalt løpetid		28 620	88 112
Med avtalt løpetid		4 110	2 250
Sum utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar		32 730	90 362
Utlån til og fordringar på kundar	11,20		
Kasse/drifts- og brukskreditt		443 267	355 208
Byggelån		39 083	41 726
Nedbetalingslån		2 193 501	2 065 378
Sum brutto utlån		2 675 851	2 462 312
- individuelle nedskrivingar	11	16 466	17 047
- nedskrivingar grupper av utlån	11	5 300	6 700
Sum netto utlån og fordringar på kundar		2 654 085	2 438 565
Overtekne eigendelar	11	9 300	15 168
Sertifikat, obligasjonar, renteberande verdipapir	15		
Utskrivne av det offentlege		9 951	9 935
Utskrivne av andre	16	162 851	156 484
Sertifikat, obligasjonar, renteberande verdipapir		172 802	166 419
Aksjar, andelar og andre verdipapir med variabel avkastning	17	77 518	75 693
Immaterielle eigendelar	10	3 603	2 023
Varige driftsmidlar	8		
Maskiner, inventar		3 343	3 756
Bygningar anna fast eigedom		27 874	22 913
Sum varige driftsmidlar		31 217	26 669
Andre eigendelar		0	0
Forskotsbetalte ikkje påløpne kostnader/opptente ikkje mottekne innt.			
Opptente renteinntekter		3 785	3 743
Overfinansiering av pensjonsforplikting	5	566	1 076
Forskotsbetalte ikkje påløpne kostnader/opptente ikkje mottekne innt.		4 351	4 819
Sum eigendelar		3 174 073	3 128 052

INDRE SOGN SPAREBANK

BALANSEREKNESKAP

GJELD OG EIGENKAPITAL (i 1.000 kr.)

	Notar	2010	2009
Gjeld til kredittinstitusjonar			
Med avtalt løpetid	18	223 000	332 000
Innskot frå og gjeld til kundar	18,19,20		
Utan avtalt løpetid		1 503 753	1 296 120
Med avtalt løpetid		342 532	390 549
Sum innskot frå og gjeld til kundar		1 846 285	1 686 669
Gjeld stifta ved utsteding av verdipapir			
Sertifikat		0	99 990
Obligasjonsgjeld	21	766 307	681 479
Gjeld stifta ved utsteding av verdipapir		766 307	781 469
Anna gjeld	22	10 110	5 464
Påløpne kostnader og mottekne ikkje opptente inntekter		10 336	15 280
Avsetjingar for påløpne kostnader og forpliktingar			
Pensjonsforpliktingar	5	2 509	123
Individuelle avsetjingar på garantiansvar	11	200	0
Påløpne kostnader og mottekne ikkje opptente inntekter		2 709	123
Ansvarleg lånekapital			
Fondsobligasjon	21	72 250	72 250
Anna ansvarleg lånekapital	21	49 600	49 600
Sum ansvarleg lånekapital		121 850	121 850
Sum gjeld		2 980 597	2 942 855
Innskoten eigenkapital			
Eigenkapitalbevis	28	63 250	63 250
Overkursfond		1 187	1 187
Sum innskoten eigenkapital		64 437	64 437
Opptent eigenkapital			
Sparebankens fond		120 094	116 791
Gåvefond		6 530	3 361
Utjamningsfond		2 415	608
Sum opptent eigenkapital		129 039	120 760
Sum eigenkapital		193 476	185 197
Sum gjeld og eigenkapital		3 174 073	3 128 052
Postar utanfor balansen:			
Garantiansvar	12	126 441	131 873
Garantiansvar Terra Boligkreditt AS	12	41 551	45 513
Portefølje Terra Boligkreditt AS	12	315 276	310 204

Årdalstangen 31.12.2010

Årdalstangen 17.02.2011


Siri Lagmannsås
Styreleiar


Harald Blaaflåt Mundal


Janne Dokken
Tilsett rep.


Leif Åberge


Sonja-Mari H. Atterås



Egør M. Moen
Adm. banksjef

KONTANTSTRAUM- ANALYSE

Kontantstraumanalyse

	31.12.2010	31.12.2009
Resultat før skatt	13 013	4 391
Betalte skattar	-317	-3 736
Ordinære avskrivningar	3 111	2 997
Nedskrivning/reversering anleggsverdipapir	2 700	3 359
Endring pensjonar	2 897	-1 272
Endring utlån til kredittinstitusjonar med binding	-1 860	0
Endring utlån til kundar	-215 720	67 783
Endring gjeld til kredittinstitusjonar	-108 999	11 000
Endring innskot frå kundar	159 616	-46 636
Endring fordringar/gjeld m.m.	17	11 416
Kontant frå bankdrifta	-145 542	49 302
Utbetalinger ved kjøp av anlegg/driftsmidlar	-7 612	-1 726
Endring behaldning verdipapir	-10 908	-41 882
Kontant frå inv.aktivitet	-18 520	-43 608
Endring innlån frå marknad	-15 162	32 740
Utbetaling gåver	-135	-593
Kontant frå fin. aktivitet	-15 297	32 147
Netto kontantstraum	-179 359	37 841
Behaldning 1/1	396 446	358 605
Behaldning periodeslutt	217 087	396 446

Kontantbehaldning = Kontantar og fordringar på sentralbanken og fordringar på kredittinstitusjonar utan avtalt løpetid.



REKNESKAPS- PRINSIPP

Generelt

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med dei krav stilte i rekneskapslov, lov om sparebankar, Finanstilsynet sine forskrifter for årsrekneskap i sparebankar og god rekneskapsskikk. Der reklassifiseringar er gjennomført, er tal frå tidlegare år gjort samanliknbare. I den grad det er naudsynt med utvida forklaring til prinsippa er dette gjeve i samband med dertil utarbeida notar til rekneskapen. Banken er ikkje konsern og fører såleis bere selskapsrekneskap. Banken vurderer verksemda i banken som ei samla verksemd.

Banken vil ta i bruk IFRS-standard, når det er fastsett i lov at børsnoterte selskap, ikkje konsern, skal ta i bruk IFRS. Dato er pr. i dag fastsett til 01.01.2011 av styresmaktene. Konsekvensane av denne innføringa er førebels ikkje talfesta.

Verdifastsetjing verdipapir og pensjonsmidlar

I følge rekneskapslov kan marknadsbaserte finansielle omløpsmiddel verdsetjast til verkeleg verdi. Oslo Børs har stilt strenge krav til likviditet og omsetjingsfart for å kunne verdsetje verdipapir til verkeleg verdi. Banken si verdipapir portefølje stettar som heilskap ikkje desse krava og banken har difor valt å ikkje nytta handelsportefølje og verkeleg verdi på denne.

For verdsetjing av pensjonsmidlar og utrekning av forplikting vert nytta estimerte verdier slik at sum estimatavvik vert fordelt på gjenverande aktuarrekna tenestetid.

Inntekts- og kostnadsføring

Forskotsbetalte inntekter ved slutten av året vert periodiserte og ført som gjeld i balansen. Opptente, ikkje betalte inntekter ved slutten av året vert inntektsførte og oppført som til godehavande i banken sin balanse. På betente engasjement som er tapsavsette, vert betalte renter berre inntektsførte når dei er vurderte som sikre.

Aksjeutbyte og utbyte på eigenkapitalbevis vert førte til inntekt i det år dei vert utbetalte.

Ved utrekning av vinst på sal av aksjar, vert kostpris fastsett til gjennomsnittleg inntakskost på samla volum i vedkomande aksje/eigenkapitalbevis. Kjøp og sal av verdipapir vert bokførte på oppgjerstidspunktet.

Gebyr som betaling for direkte utførte tenester vert inntektsført på tidspunktet dei vert betalte.

Renter og provisjonar vert tekne inn og ført i resultatrekneskapen etter kvart som dei er opptente som inntekt eller er påløpne som kostnad.

Etableringskostnader vert periodiserte som inntekt i den grad dei overstig verkeleg etableringskostnad på lånet. Banken har ingen lån der gebyret har overstige etableringskostnaden.

Valuta

Fordringar og skuld i valuta er omrekna til NOK etter midtkursar på Oslo Børs på balansedagen, dvs. 31.12. Inntekter og kostnader i valuta er omrekna til NOK etter kursane på transaksjonstidspunktet. Netto urealisert vinst eller tap på balansedagen vert resultatført.

Rente- og valutainstrument

Finansielle instrument utanom balansen omfattar valuta- og renteinstrument som er avtala med kundar/bankar for fastsetjing av framtidige rentevilkår og valutakursar og såleis kunne styre banken sin rente- og valuta-risiko. Banken har vedtak om ikkje å ta bruk av slike instrument, med unntak for FRA-avtalar, rentebyteavtalar (renteswappar) og renteopsjonar til bruk i sikringsforretningar. Sikringsforretningar er definerte som ei avtale med hensikt å redusere/nøytralisere banken sin risiko over for svingingar i rente-/ og eller valutakursar. Det skal være samvariasjon mellom sikringsavtalen og den sikra posten. Såleis vil fortienesta/tap ved ein renteswap-avtale bli periodisert parallelt med rentene på det finansinstrument/balansepost renteswap-avtalen sikrar.

Obligasjonar, sertifikat, eigenkapitalbevis, aksjar, verdipapirfond og andelar.

Finansielle gjeldspostar og eigendelar, med unntak for anleggsaksjar er alle verdipapir vurderte som omløpsmidlar klassifiserte ved inngåing.

Banken har definert banken sine verdipapir som aksjar, eigenkapitalbevis og kortsiktige plasseringar i obligasjonar fonds og sertifikat som omløpsmidlar. Anleggsaksjar er langsiktige aksjar. Ingen verdipapir er klassifisert under handelsportefølje. Banken si eige av

reverserast. Banken har ikkje anleggsobligasjonar eller andre obligasjonar som skal haldast til forfall.

Utlån og garantiar

Utlån vert ved første gongs måling vurdert til verkeleg verdi med tillegg av direkte transaksjonsutgifter. Ved etterfølgjande måling vert utlåna vurdert til amortisert kost ved bruk av effektiv rentemetode. Endringane i utlånet sin rentesats på grunn av endringar i marknadsrenta, påverkar ikkje verdien av utlånet.

I DEN GRAD DET ER NAUDSYNT MED UTVIDA FORKLARING TIL PRINSIPPA ER DETTE GJEVE I SAMBAND MED DERTIL UTARBEIDA NOTAR TIL REKNESEKAPEN.

obligasjonar, sertifikat, aksjar, eigenkapitalbevis og verdipapirfond, inngår alle i porteføljer og er «samla» vurderte til lågaste verdi av anskaffelseskost og marknadsverdi.

Obligasjonar, sertifikat, aksjar, eigenkapitalbevis og verdipapirfond er bokførte til opphavleg kostpris, men likevel slik at den «samla» porteføljeverdien ikkje overstig samla marknadsverdi. Papira vert løpande vurderte og differansar løpande tekne til inntekt/utgift i resultatrekneskapen. Overkurs/underkurs på banken sine obligasjonar vert kostnads-/inntektsført lineært som ein justering av løpande renteinntekter fram til forfall.

Anleggsaksjar (langsiktige aksjar) er alle vurderte til anskaffelseskostnad. Anleggsaksjar er nedskrivbare papir, men først dersom verdien av einskildaksjar fell vesentleg under anskaffelseskostnad og verdifallet er vurdert til ikkje å være av forbigåande art. Då vert aksjane nedskrivne. Dersom nedskrivingsbehovet ikkje lenger er til stades skal nedskrivinga

Banken kostnadsfører tap på utlån og garantiar etter retningslinjer gitt av Finanstilsynet. Nedskrivingsbeløpet er skilnaden mellom neddiskontert verdi av forventa framtidig kontantstraum neddiskontert med effektiv rente og balanseført verdi av utlånet. Nedskrivingsbeløpet kan delast i to, individuell nedskriving og gruppe-nedskriving. Banken tek først stilling til dei individuelle nedskrivingane før nedskriving på grupper av utlån vert rekna ut.

Når det ligg føre eit objektivt bevis, som til dømes konkurs, akkord, gjeldsforhandling og anna misleghald, for at eit utlån vil gje tap, vert nødvendig individuell nedskriving utrekna med estimering av framtidige kontantstraumar og kostnadsført. Dersom dei same objektive bevisa føreligg for at eit garantiansvar er tapsutsett, vert nødvendige nedskrivingar utrekna og kostnadsført. Nedskrivinga skal reverserast når verdifallet er redusert og det objektive kan knytast til ei hending som har hendt etter

nedskrivingstidspunktet. Eit engasjement vert vurdert som misleghalde dersom ein konto vert overtrekt, eller låntakar ikkje betalar forfalne terminar, og kunden ikkje kjem à jour innan 90 dagar. Eit engasjement vert rapportert som misleghalde når overtrekket/restansen er større enn 1.000 kroner.

Personkundeengasjement vert gjennomgått og vurderte individuelt når det føreligg objektivt bevis for ei tapshending. Misleghaldne og andre tapsutsette næringslivsengasjement vert gjennomgått og vurdert kvart kvartal. Dersom banken kjenner til andre tilhøve som tilseier at kunden si framtidige beteningsevne er usikker, skal òg vurdering for nedskriving gjennomførast.

Nedskriving for tap vert gjort med utgangspunktet i lånet sin framtidige forventa kontantstraum. Verdien av pantet vert fastsett utifrå realisasjonsverdi på det venta realisasjonstidspunktet. På næringskundar inneber dette at det ved verdifastsetting vert lagt til grunn at drifta vert avvikla.

Når banken bokfører konstaterte tap på engasjement som det tidlegare er gjennomført individuelle nedskrivingar på, vert heile tapet bokført som konstatert i perioden, medan den individuelle nedskrivinga vert tilbakeført. Innkomne beløp på tidlegare avskrivne engasjement vert bokført som reduksjon i tap på utlån og garantiar.

Nedskriving på grupper av utlån tek høgde for tap på kundar som er i banken si portefølje, men som på balansetidspunktet ikkje er identifisert som tapsutsette. Banken har laga ein eigen modell for utrekning av nedskriving på grupper av utlån og garantiar. Modellen tek utgangspunkt i banken sine historiske tap og reknar ut nivået for pårekeleg tap i porteføljen på balansetidspunktet.

Varige driftsmidlar

Varige driftsmidlar er i balansen oppført til historisk kostpris tillagt oppskriving og fråtrekt akkumulerte avskrivingar. Årlege avskrivingar er basert på kostpris og avskrivingane er fordelt

lineært over driftsmidlet si økonomiske levetid. Årets avskrivingane vert belasta årets driftskostnader. Avskrivingssatsane er sette ut frå ei varsam vurdering av anleggsmiddelet si økonomiske levetid.

Banken nyttar følgjande avskrivingssatsar:

Tomtar	0,0%
Bygningar	3,0%
Inventar	10,0%
Edb-utstyr m.m.	30,0%
Kontormaskiner og liknande	30,0%

Dersom den verkelege verdien av eit driftsmiddel er «vesentleg» lågare enn den bokførte og nedgangen ikkje er rekna som forbigåande, vil banken nedskrive driftsmidlet til verkeleg verdi. I utgangspunktet vert trongen for nedskriving vurdert individuelt for det einskilde driftsmiddelet. For fast eigedom vert bankbygningar avskrive som «gruppe eigedomar» og trongen for nedskriving av bankbygg vurdert på porteføljebasis. Påkostnader vert førte som tillegg til driftsmidlane sin kostpris og avskrive i takt med desse. Av- og nedskrivingar vert bokførte i resultatrekneskapen.

Overtekne eigendelar

Eigendelar er ofte overtekne ved inndriving av misleghaldne engasjement og skal etter §9 i Finanstilsynet si forskrift klassifiserast som omløps- eller anleggsmiddel. Storparten vert klassifiserte som omløpsmiddel. Dei vert verdsette til verkeleg verdi i balansen, basert på eigendelen sin marknadsverdi og/eller avkastningsevne, og bokført på eiga linje i balansen. Dersom banken vil ha eigendelane til varig eige eller bruk vert dei rekneskapsført under sine respektive postar i balansen og vurderte i samsvar med dette. Nedskriving av verdien og tap ved sal av overtekne eigendelar klassifisert som omløpsmiddel vert ført som konstatert tap. Nedskriving på og tap ved sal av overtekne eigendelar klassifisert som

anleggsmiddel vert ført i samsvar med god rekneskapsskikk.

Skatt

Årets skattekostnad inneheld betalbar skatt rekna av årets resultat før skattekostnad, justert for permanente og mellombelse ulikskapar som verkar inn på forholdet mellom rekneskapsmessig og skattemessig inntekt. Endringar i utsett skatt vert rekna av mellombelse skilnader mellom rekneskapsmessig og skattemessige ulikskapar ved utgangen av rekneskapsåret. Her vert nytta skattesats 28% og rekneskapsføring i samsvar med norsk rekneskapsstandard for resultatskatt. Skatteaukande og skattereduserande ulikskapar kan først mot kvarandre når dei tilhøyrrer same tidsrommet.

Utsett skattefordel oppstår når mellombelse ulikskapar gjev grunnlag for skattefrådrag i framtida. Skattereduserande ulikskap. Utsett skattefordel vert ført i balansen som eigendel. Dersom det er truleg at banken kan få realisert fordelene er den ført opp i balansen uavhengig av storleiken på utsett skatt. Utsett skatt i balansen er utrekna og ført på grunnlag av skatteaukande mellombelse skilnader i rekneskapsåret.

Gjeld

Utsteda obligasjonar er oppført i balansen til pålydande verdi med tillegg av overkurs og frådrag for underkurs. Overkursen vert inntektsført og underkurs kostnadsført planmessig som ei justering av løpande rentekostnad fram til forfall av obligasjonen. Tilbakekjøp av eigne obligasjonar for nedjustering av gjeld vert nettoført mot obligasjonsgjelda. Tap eller vinst som oppstår av dette vert handsama som over/underkurs ved utstedinga.

Pensjonskostnader og pensjonsplikter

Indre Sogn Sparebank brukar NRS Standard for føring av pensjonskostnader. I standarden er pensjonsordninga handsama som ein ytingsplan. Årets pensjonskostnad kjem fram

som sum noverdi av årets pensjonsopptening, rentekostnaden på påløpen pensjonsforplikting og frådrag for forventa avkastning på pensjonsmidlane. Pensjonskostnader er utgiftsførte i posten «løn, honorar og andre personalkostnader».

Standarden tek utgangspunkt i noverdien av påreknede framtidige pensjonsytning. Utrekna påløpen pensjonsplikt vert samanstilt med verdien av pensjonsmidlane og ulikskapen vert ført som netto skuld eller tilgode i balansen. Andre løpande pensjonar er utgiftsførte over drifta òg dei i posten «løn, honorar og andre personalkostnader». Ved rekneskapsavslutning vert det nytta estimerte verdiar ved verdsetjing av pensjonsmidlane og måling av påløpen forplikting. Estimata vert endra kvart år etter oppgave frå aktuaren til banken, «Nordea Aktuærtjeneste».

Dei tilsette i banken har tidlegare inngått i AFP-ordninga for bank- og finansnæringa. I samband med omlegging av AFP ordninga er dei tilsette i banken som ikkje har høve til halde fram i den gamle ordninga, no overført til ny felles AFP-ordning. Ny AFP-ordning vert vurdert som ei ytingsbasert fleirføretaksordning. Forpliktingane knytt til ytingsbasert fleirføretaksordning vert berekna og avsett i rekneskapen, i den utstrekning administrator av ordninga er i stand til å gjera ei berekning av banken sin andel av forpliktinga i ordninga. Dersom administrator ikkje er i stand til å gjera berekningar av forholdsmessig andel, vert fleirføretaksordninga handsama som ei innskotsbasert ordning, med løpande kostnadsføring av betalt premie. For nærare beskriving av effekten av endra AFP-ordning, sjå note 5.

Kontantstraumsoppstilling

Kontantstraumanalyse er utarbeida med utgangspunkt i brutto kontantstraum frå operasjonell-, investerings- og finansieringsaktivitetar. Operasjonelle aktivitetar er knytt til bankdrifta, investering til eigendelssida i balansen og finansiering til gjelds- og eigenkapitalsida i balansen.

NOTAR 2010



OVERSIKT OVER NOTAR:

- 1. Andre rentekostnader
- 2. Provisjon og andre inntekter på banktenester
- 3. Provisjon og andre kostnader på banktenester
- 4. Vinst/tap valuta og verdipapir
- 5. Pensjonsforpliktingar
- 6. Spesifikasjon av løn og generelle administrasjonskostnader
- 7. Løn m.m. og lån til tilsette og tillitsvalde
- 8. Varige driftsmidler
- 9. Andre driftskostnader
- 10. Skatt
- 11. Utlån, kredittar, garantiar, tap på utlån og garantiar
- 12. Garantiansvar
- 13. Pantsetjingar og betinga forpliktingar, trekkrettar
- 14. Kontantar og fordringar på sentralbanken
- 15. Ihendehavarobligasjonar og sertifikat – kortsiktige plasseringar
- 16. Ansvarleg lånekapital i andre føretak
- 17. Aksjar, egenkapitalbevis, verdipapirfond og andelar
- 18. Gjeld til kredittinstitusjonar og innskot frå og gjeld til kundar
- 19. Innskot frå kundar på sektorar, næringar og geografiske område
- 20. Avdelingsvise utlån og innskot
- 21. Sertifikat- og obligasjonslån og ansvarleg lånekapital
- 22. Anna gjeld
- 23. Kapitalinnskot Statens finansfond
- 24. Egenkapital
- 25. Ansvarleg kapital og kapitaldekning
- 26. Likviditetsrisiko
- 27. Renterisiko
- 28. Eigarandelskapital og eigarstruktur

1. ANDRE RENTEKOSTNADER

	2010	2009
Avgift til sikringsfondet	1 782	1 594

Sparebanklova krev at alle sparebankar er medlem av Bankenes sikringsfond. Føremålet til fondet er å sikre at norske bankar til ei kvar tid kan oppfylle forpliktingane sine. Bankenes sikringsfond pliktar å dekke tap inntil NOK 2 mill. som ein innskytar har i ein bank som er medlem av Bankenes sikringsfond.

2. PROVISJON OG ANDRE INNTEKTER PÅ BANKTENESTER

	2010	2009
Betalingsformidling	6 492	6 562
Verdipapirteneste og forvaltning	255	287
Forsikringsprodukt	1 948	2 282
Provisjon Terra Boligkreditt AS	1 407	1 203
Andre provisjonar og gebyr	2 210	2 247
Sum	12 312	12 581

3. PROVISJON OG ANDRE KOSTNADER PÅ BANKTENESTER

	2010	2009
Verdipapirteneste og forvaltning	123	146
Nets kostnader	2.694	2.555
Fomidlingsprovisjon	65	81
Andre kostnader	223	203
Sum	3.115	2.985

4. VINST/TAP VALUTA OG VERDIPAPIR

Netto gevinst/-tap på valuta og verdipapir	2010	2009
Kursvinst ved oms. av aksjar/andelar/eigenkapitalbevis	3 829	5 254
Kurstap ved oms. av av aksjar/andelar/eigenkapitalbevis	-2 130	-2 281
Kursregulering av aksjar/andelar/eigenkapitalbevis	-208	0
Netto vinst/-tap av aksjar/andelar/eigenkapitalbevis	1 491	2 973
Kursvinst ved omsetning av obligasjonar	262	4 060
Kurstap ved omsetning av obligasjonar	50	-123
Kursregulering obligasjonar	565	156
Netto vinst/-tap obligasjonar	877	4 094
Kurstap-/vinst+ frå finansielle derivat og valuta	314	-25
Sum netto vinst/-tap på valuta og verdipapir	2 682	7 042

5. PENSJONSFORPLIKTINGAR

Pensjonsmidlane er verdsette til marknadsverdi pr. 31.12.2010. Utrekninga av forpliktinga er gjort ut frå desse føresetnadene. Det er 48 aktive medlemmer, 9 Avtalefesta Førtids Pensjonistar, AFP og 24 andre pensjonistar som er omfatta av ordninga. Pensjonen er handsama rekneskapsmessig i samsvar med NRS standard for pensjonskostnader. I samsvar med denne rekneskapsstandarden skal banken si pensjonsordning handsamast som ein ytingsplan. Når pensjonsplanen er definert som ein ytingsplan, blir det teke omsyn til føresetnader om framtidig lønsvekst og vekst i løpande pensjonar. Ved verdsetjing av pensjonsmidlane blir det nytta estimert verdi ved rekneskapsavsluttinga. Denne estimerte verdien blir korrigert kvart år i samsvar med utrekningar gjort av aktuar. Dei aktuarmessige utrekningane blir gjort kvart år på bakgrunn av informasjon frå banken. Ved utrekninga pr. 31.12 er følgjande føresetnader lagt til grunn:

Føresetnadar:

	2010	2009		2010	2009
Diskonteringsrente	4,00 %	4,40 %	Forventa avkastning	4,60 %	5,60 %
Lønsendringar	3,75 %	4,25 %	Pensjonsregulering	1,30 %	1,30 %
G-regulering/inflasjon	3,75 %	4,00 %	Fri avgang under 50 år	5,00 %	5,00 %
Uttaksdel av AFP	60,00 %	60,00 %			

1. Pensjonsforsikring kollektiv avtale

Tal i 1.000 kr.

	2010	2009
Estimert noverdi av påløpne pensjonsforpliktelsar pr 31.12.	26 877	26 431
Estimerte pensjonsmidlar pr 31.12.	-23 317	-22 085
Netto pensjonsforplikting pr. 31.12.	3 560	4 346
	0	0
Ikkje resultatført implementeringsverknad	0	0
Ikkje resultatført planendring	0	0
Ikkje resultatført estimatavvik	-4 628	-6 035
Periodisert arbeidsgivaravgift	502	613
Balanseført berekna pensjonsforplikting pr. 31.12.	-566	-1 076

2. Avtalefesta førtidspensjon AFP og ikkje forsikra

Tal i 1.000 kr.

	AFP	Ikkje forsikra	2010	2009
Estimert noverdi av påløpne pensjonsforpl. Pr. 31.12.	3 245	615	3 859	6 883
Estimert pensjonsmidlar pr. 31.12.	0	0	0	-4 288
Netto pensjonsforplikting pr. 31.12.	3 245	615	3 859	2 595
Ikkje resultatført implementeringsverknad	0	0	0	0
Ikkje resultatført planendring	0	0	0	0
Ikkje resultatført estimatavvik	-1 549	-345	-1 894	-3 443
Balanseført berekna pensjonsforplikting pr. 31.12. før arb.gj.avg.	1 695	270	1 965	-848
Periodisert arbeidsgivaravgift	457	87	544	971
Balanseført berekna pensjonsforplikting pr. 31.12.	2 153	356	2 509	123

Banken har tilbod til medarbeidarane om å nytte seg av Avtalefesta Førtids Pensjon, AFP. Denne ordninga vart utvida i 1997 til å gjelde frå fylte 62 år. Det er rekna 60 % uttakstrate og 70 % dekning for alle lønsskassar utbetalt fram til fylte 67 år. Kostnaden er medteken i tala ovanfor, kostnadsført i banken sitt resultatrekneskap og teke med i balansen under netto pensjonsforplikting. Det vert nytta innføringsdato 01.01.95 som tilsettingsdato for alle tilsette i AFP utrekninga. Banken har løpande pensjonar til pensjonistar som ikkje er med under dei trygda pensjonar i banken si ordinære kollektive pensjonsordning. Desse tilleggsyttingane vert utbetalte over drifta til banken.

Gamal AFP-ordning vart i februar vedteke avvikla og det var kun muleg å gå av etter den gamle ordninga fram til 31.12.2010. Gevinsten ved avviklinga av ordninga, er inntektsført i 2010, og presentert som ein reduksjon av personalkostnader. Ein attverande avsetning gjeld eigenandelen til banken for personar som er førtidspensjonert i den gamle ordninga. Som erstatning for den gamle AFP-ordninga er det etablert ein ny AFP-ordning. Den nye AFP-ordninga er, i motsetning til den gamle, ikkje ei førtidspensjonsordning, men ei ordning som gir et livslangt tillegg på den ordinære pensjonen. Dei tilsette kan velja å ta ut den nye AFP-ordninga frå og med fylte 62 år, òg ved sida av å stå i jobb, og den gir ytterlegare opptening ved arbeid fram til 67 år. Den nye AFP-ordninga er en ytingsbasert fleirføretakspensjonsordning, og vert finansiert gjennom premiar som vert fastsett som ein prosent av løn. Førebels ligg det ikkje føre ei pålitelege måling og allokering av forpliktinga og midlar i ordninga. Rekneskapsmessig blir ordninga handsama som ei innskotsbasert pensjonsordning der premiebetalingar vert kostnadsført løpande, og ingen avsettingar vert gjort i rekneskapen. Det er ikkje fondsoppbygging i ordninga og det er forventa at premienivået vil auke for dei komande åra.

Pensjonskostnad sikra ordningar

Tal i 1.000 kr.

	Forsikra	AFP	Ikkje forsikra	2010	2009
Noverdi pensjonsopptening	1 487	0	28	1 515	1 533
Rentekostn. pensjonsforpl.	1 149	903	22	1 323	1 131
Brutto pensjonskostnader	2 636	152	50	2 837	2 664
Avkastning pensjonsmidl.	-1 324	0	0	-1 324	-1 545
Administrasjonskostnad	188	0	0	188	152
Netto pensjonskostnad etter adm.	1 499	152	50	1 701	1 272
Resultatført impl.virkning	0	0	0	0	0
Resultatført planendring	0	-3 178	0	-3 178	0
Resultatført estimatavvik	754	623	37	1 414	573
Netto pensjonskostnad før arb.gj.avg.	2 253	-2 403	86	-63	1 845
Periodisert arbeidsgjevaravgift	211	21	7	240	217
Netto pensjonskostnad	2 465	-2 381	93	177	2 061
Regulert over drifta	0	0	0	0	-99
Årets pensjonskostnad	2 465	-2 381	93	177	1 963

6. SPESIFIKASJON AV LØN OG GENERELLE ADMINISTRASJONSKOSTNADER

Løn og generelle

administrasjonskostnader	2010	2009
Løn til tilsette	15 977	15 686
Honorar til styre og tillitsmenn	264	303
Honorar eksterne tenester	381	152
Pensjonar	177	1 963
Arbeidsgjevaravgift	2 073	2 151
Kurs, velferd, andre personalutgifter	915	423
Kontorrekvisita, blankettar, trykksaker	512	609
Telefon, porto, frakt	1 005	1 164
Reklame, annonsar, marknadsføring	1 564	935
Diett, reiser, andre utgifter	328	375
EDB-kostnader	7 265	6 972
Andre kostnader	337	497
Sum løn og generelle administrasjonskostnader	30 798	31 230

Antal årsverk pr 31.12.	39,3	39,8
Gjennomsnittleg antal årsverk i året	39,5	39,9

Antal årsverk pr 31.12.	39,3	39,8
Gjennomsnittleg antal årsverk i året	39,5	39,9

7. LØN M.M. OG LÅN TIL TILSETTE OG TILLITSVALDE

Tillitsvalde/leing	Honorar	Løn	Bonus	Andre ytingar	Pensjons-premie	Sum godgjersle	Utlån pr. 31.12.10	Innskot pr. 31.12.10
Styret								
* Siri Lagmannsås, leiar	42	0	0	0	0	42	0	2 353
Leif Åberge, nestleiar	26	0	0	0	0	26	507	56
Sonja-Mari H. Atterås, medlem	20	0	0	0	0	20	0	18
**Harald Blaaflat Mundal, medlem	20	0	0	0	0	20	481	277
Janne Dokken, medlem	23	428	5	16	46	518	1 325	2
Sum styret	131	428	5	16	46	626	2 313	2 706
Kontrollkomiteen								
Gunnar Hæreid, leiar	26	0	0	0	0	26	0	11
Mona Nyttun, medlem	7	0	0	0	0	7	0	0
Niels Larsen, medlem	12	0	0	0	0	12	835	65
Inger Molland Bø, medlem	5	0	0	0	0	5	0	3
Sum kontrollkomiteen	50	0	0	0	0	50	835	79
Leiande tilsette/leiargruppa i banken								
Egon Moen, adm banksjef	0	799	6	27	115	947	2 089	0
Karin Vikane, ass.banksjef	0	611	6	18	93	728	600	1 030
Anita Lægreid, sjef næringsliv	0	498	6	20	31	555	1 820	14
Sum leiinga	0	1 908	18	65	239	2 230	4 509	1 044
Forstandarskap								
Kirsti Eklund, leiar	9	0	0	0	0	9	0	337
Ragnar Sanden, nestleiar	3	0	0	0	0	3	1 167	11
John N Melheim, medlem	2	0	0	0	0	2	590	858
Marie H. Brandsdal, medlem	5	0	0	0	0	5	0	23
Inger Bakken, medlem	4	0	0	0	0	4	472	155
Martin Andersen, medlem	2	0	0	0	0	2	676	55
Jarle M. Teigen, medlem	2	0	0	0	0	2	0	2 001
Sølvi Hatlevoll Nundal, medlem	5	0	0	0	0	5	0	88
Henning Lem, medlem	0	0	0	0	0	0	2 128	244
Svein Arve Myrland, medlem	1	437	6	18	43	462	1 637	16
Malene Ålhus, medlem	1	372	6	14	29	393	989	26
Reidun Vikøren, medlem	2	206	6	1	26	215	0	1 374
Sum forstandarskap	36	1 015	18	33	98	1 200	7 659	5 188
Sum utlån/innskot andre tilsette							49 164	10 205
Totalsum utlån/innskot							64 480	19 222

*Styreleiar i 2010, Siri H. Lagmannsås er dagleg leiar for Økonomiservice AS, som pr. 31.12.2010 hadde samla innskot på NOK 2,256 mill. som står oppført på ho. **Styremedlem, Harald Blaaflat Mundal er dagleg leiar for Lite Nytt AS, som pr. 31.12.2010 hadde samla lån på NOK 26.216 og samla innskot på NOK 7.700 som står oppført på han.

Erklæring

Løn til adm. banksjef Egon M. Moen var i 2010 NOK 804.976 (i 2009 NOK 803.733). I tillegg utgjør pensjonspremien for adm. banksjef NOK 115.465 og andre godtgjersler NOK 68.914. Adm. banksjef har avtale om etterløn rekna til full kompensasjon i 1 år dersom oppseiing samt leiar-utvikling tilsvarande 3 månadsløner. Det ligg ikkje føre avtale om særskild pensjonsalder for adm. banksjef og spesielle rettar knytt til pensjonering. Adm. banksjef har heller ingen avtalar om avlønning m.m. utover det dei andre tilsette i banken har. Ein føresetnad for låneopptaket i Statens finansfond, er at løn og anna godtgjersle til adm. banksjef ikkje vert auka fram til 31.12.2010. For perioden etter 31.12.2010 skal vilkåra for løn og anna godtgjersle vere i samsvar med gitte krav jf. note 23. Endringar i løn og godtgjersle til adm. banksjef Egon M. Moen vert fastsett og godkjend av styreformann og nestleiar i styret, som informerer styret i banken. Løn og godtgjersle til andre leiande tilsette vert fastsett av adm. banksjef innanfor rammer gitt av styret i banken.

Det er ingen tillitsvald som har avvikande lånevilkår frå banken sine ordinære vilkår. Det er ingen spesialvilkår knytt til noko lån ut over vedtekne vilkår for lån til tilsette og adm. banksjef. Desse er 2 % under lågaste utlånsrente i banken for inntil 70 % av godkjent pant og rest 30 % til beste bustadrente. Låneramma er NOK 2,000 mill. og avgrensa til 3,5 x brutto løn, løyvd som rammekreditt ut tenestetida.

8. VARIGE DRIFTSMIDLAR

Immaterielle eigendelar, maskiner, inventar og transportmiddel samt bankbygg og andre eigedomar har hatt følgjande endringar:

	Maskiner		Inventar		Bankbygg eigedomar		Tomt	Hytte	Sum
Levetid	3-5 år		4-10 år		30 år			30 år	
Anskaffelsekost 01.01.	1 805		6 076		44 294		61	2 614	54 850
Tidlegare oppskrivingar	0		0		4 603		0	0	4 603
Akk. Av- og nedskrivingar	877		3 248		28 582		0	77	32 784
Bokført verdi 01.01.	928		2 828		20 315		61	2 537	26 669
Reversering tidlegare år	0		0		0		0	0	0
Tilgang i året	0		755		6 905		0	0	7 660
Avgang i året	0		0		0		0	0	0
Ordinære avskrivingar	550	30%	616	10%	1 945	3%	0	0 0%	3 111
Bokført verdi 31.12.	378		2 967		25 275		61	2 537	31 218

Oppstilling over bankbygg / faste eigedomar

Bankbygg i Årdal, Lærdal og Sogndal, til eige bruk 3.153 m2, bokført verdi	21 756
Bankbygg i Årdal, Lærdal og Sogndal, til utleige 479 m2, bokført verdi	3 520
Tomt bokført verdi	61
Leigeavtale for banklokala i Sogndal, årleg leige	500
Leigeavtale for banklokala i Bergen, årleg leige	682
Hytte tilsette, Hemsedal skisenter, kjøpt 2001	2 537

Investeringar i og sal anleggsmidlar

	Maskiner inventar		Bygning	Tomt
1999	2 245		305	
2000	542		494	
2001	105		3 608	
2002	933		149	-308
2003	2 394		1 891	
2004	3 946		3 834	
2005	6 377		0	
2006	1 093		0	
2007	1 404		129	
2008	1 303		7 210	
2009	346		1 380	
2010	755		6 905	

Satsane for utrekning av ordinære avskrivingar er fastsett ut frå ei vurdering av dei einskilde anleggsmiddel si økonomiske levetid. Ordinære avskrivingar er basert på kostpris og avskrivingane er fordelt lineært over driftsmidlet si levetid.

Leigeavtale Sogndal

Banken har inngått leigekontrakt med A.J. Holen AS om leige av lokale i Sogndal. Kontrakten varer frå 31.03.2007 til 31.03.2017. Deretter har banken rett til fornying av kontrakten for 10 nye år. Det må avtalast skriftleg innan 30.06.2016. Ved sal av eigedomen eller aksjane i selskapet A. J. Holen AS har banken forkjopsrett til marknadspris. Etter ti års leige får banken rett til å kjøpa eigedomen eller aksjane i A. J. Holen AS.

Leigeavtale Bergen

Banken har inngått leigekontrakt med Vital Forsikring ASA om leige av lokale i Bergen. Kontrakten varer frå 01.04.2007 til 31.03.2012. I dette tidsrommet kan ingen av partane sei opp kontrakten. Ved utløp av leigekontrakten, opphøyrer leigeforholdet utan forutgåande oppseiing. Etter utløp av leigeperioden har banken fortrinnsrett til å leige i ytterlegare fem år på marknadsstilpassa vilkår. Ved utløp av denne leigeperioden, opphøyrer leigeforholdet utan oppseiing. Varsel om bruk av fortrinnsretten skal skje skriftleg minst 12 månader før utløp av leigetida, viss ikkje varer leige-forholdet til 31.03.2012.

9. ANDRE DRIFTSKOSTNADER

	2010	2009
Drifts- og leigekostnader leigde lokale	1 613	1 933
Utgiftsført kjøp maskiner og inventar	278	181
Ekstern revisjon og konsulenthonorar	769	857
Andre kjøpte tenester	616	610
Forsikring, ran	130	135
Utgifter vedkomande egne verdipapir	1 004	591
Andre ordinære tap	47	22
Driftskostnader overtekne eigendelar	750	564
Kostnader Terra og medlemskontingentar	445	1 797
Inkasso	80	158
Reparasjon, vedlikehald maskiner og inventar	824	776
Andre driftsutgifter	91	272
Sum	6 647	7 896
Godtgjersle til revisor	2010	2009
Revisjon	542	674
Rådgiving	227	183
Sum	769	857
Spesifikasjon:		
Lovpålagt revisjon	542	674
Andre attestasjonstenester		
Skatterådgiving inklusiv bistand teknisk utarbeiding av likningsoppg.	50	30
Andre tenester utanfor revisjonen	177	153
Sum honorar til revisor	769	857

Honoraret er inklusiv 25% meirverdiavgift.

10. SKATT

Skattegrunnlag:	2010	2009
Resultat før skatt	13 013	4 392
1.Permanente skilnader		
Sum endringar	4 163	-936
2. Mellombelse skilnader		
Sum endringar	5 645	-3 529
Årets skattegrunnlag	14 495	-73
28% inntektsskatt	4 059	-20
Formuesskatt	380	367
Betalbar skatt	4 439	347
+/- For lite/for mykje berekna skatt siste år	-31	-17
+/- Endring i utsett skatt	-1 581	988
+/- Avvik betalbar skatt	0	0
Årets skattekostnad	2 827	1 318
Avstemming utsett skatt:		
A. Skatteaukande skilnader:		
Utlån	0	490
Pensjonspremiefond	566	1 076
Sum A	566	1 566
B. Skattereduserande skilnader		
Anleggsreservar	9 310	6 333
Direkte pensjonsforplikting	2 509	123
Obligasjonar	1 616	2 333
Sum B	13 435	8 789
Sum netto mellombelse skilnader A - B	-12 869	-7 223
Utsett skattegjeld 31.12.		
Utsett skattefordel 31.12.	3 603	2 023

11. UTLÅN, KREDITTAR, GARANTJAR, TAP PÅ UTLÅN OG GARANTJAR

Banken sine utlån blir vurdert til pålydande med unntak for tapsutsette og misleghaldne lån og garantjar. Misleghaldne og tapsutsette engasjement blir vurderte i samsvar med forskriftene til Finanstilsynet. Banken går gjennom alle engasjement over NOK 250.000, for å vurdere tapsavsetjing. Alle misleghaldne og tapsutsette engasjement blir særskilt tapsvurderte. Det blir gjort tapsavsetjing når kunden ikkje er i stand til å innfri avtala betalingsplan og trygda for lånet ikkje vil dekke lånet ved realisasjon. Friskmelding av tidlegare tapsavsette engasjement skjer når betalingsplanen blir innfridd, og engasjementet ikkje lenger er vurdert tapsutsett. Avgjerande for friskmeldinga er om kunden vil kunne følgje den avtala betalingsplanen framover. Når tidlegare tapsavsetjing blir ført tilbake blir òg tidlegare ikkje inntektsførte renter registrert som renteinntekt.

a) Brutto- og netto mislighaldne engasjement		
	2010	2009
Misleghald næringslivskundar	5 082	9 453
Misleghald personkundar	18 607	15 304
= Brutto misleghaldne engasjement	23 689	24 757
- Individuelle nedskrivingar	5 360	4 897
= Netto misleghaldne engasjement	18 329	19 860
Tapsutsette engasjement		
Brutto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement	32 744	43 400
-Individuelle nedskrivingar	11 306	12 150
= Netto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement	21 438	31 250
b) Kostnadsførte tap gjennom året		
Endring i individuelle nedskrivingar gjennom året	-381	5 641
+/- Endring i gruppenedskriving på utlån gjennom året	-1 400	400
+ Konstaterte tap gjennom året som tidlegare er individuelt nedskrivne	5 271	5 691
+ Konstaterte tap i perioden som tidlegare ikkje er individuelt nedskrivne	1 067	4 543
- Inngang på tidlegare års konstanterte tap	163	923
= Tapskostnader i inneverande år	4 394	15 390
Individuelle nedskrivingar på tap gjennom året		
Individuelle nedskrivingar på tap pr. 01.01	17 047	11 406
- Konstaterte tap gjennom året som er individuelt nedskrivne tidlegare år	5 143	5 691
+ Auka individuelle nedskrivingar gjennom året som er individuelt nedskrivne tidlegare år	6 710	1 365
+ Nye individuelle nedskrivingar gjennom året	5 008	10 801
- Tilbakeførte individuelle nedskrivingar på tap gjennom året	6 956	834
= Individuelle nedskrivingar av tap pr. 31.12	16 666	17 047
Gruppenedskrivingar		
Gruppenedskrivingar til dekking av tap pr. 01.01	6 700	6 300
+/- Endring gruppenedskriving gjennom året	-1 400	400
= Gruppenedskriving til dekking av tap pr. 31.12	5 300	6 700

Tap fordelt på sektor og næring

	2010	2009
Personkundar	1 002	2 712
Industri og bergverk	0	1 041
Handel, hotell, restaurant og transport	2 704	4 466
Bygg og anlegg	1 507	4 100
Service og pers. tenesteyting, eigedomsdrift m.m.	581	2 671
Gruppenedskriving	-1 400	400
Sum	4 394	15 390

Mislighaldne lån fordelt på sektor og næring	2010	2009
Personkundar	18 607	15 304
Jordbruk, skogbruk, fiske	0	3 740
Industriproduksjon	848	0
Bygg og anlegg	0	1 562
Varehandel, hotell/restaurant	152	142
Sjøfart	0	0
Transport, lagring	0	40
Finans, eiendom, forretningsmessige tjenester	4 082	3 873
Sosial og privat tenesteyting	0	96
Mislighaldne lån næring ialt	23 689	24 757

Andre tapsutsette lån fordelt på næring	2010	2009
Personkundar	1791	1284
Næringssektor fordelt:		
Jordbruk, skogbruk, fiske	0	0
Industriproduksjon	0	0
Bygg og anlegg	2 134	8 107
Varehandel, hotell/restaurant	14 837	17 314
Transport, lagring	11 761	8 411
Finans, eigedom, forretningsmessige tenester	2 221	8 284
Sosial og privat tenesteyting	0	0
Andre tapsutsette lån næring i alt	32 744	43 400

Individuelle nedskrivingar på utlån fordelt på person/næring	2010	2009
